

Elisa Bruvik Sætre

Korleis påverkar foreldrementalisering barnet si utvikling?

Hovudoppgåve i Profesjonsstudiet i psykologi

Veileder: Nina Jakhelln Laugen og Torbjørn Nilsen

Desember 2020

Elisa Bruvik Sætre

Korleis påverkar foreldrementalisering barnet si utvikling?

Hovudoppgåve i Profesjonsstudiet i psykologi
Veileder: Nina Jakhelln Laugen og Torbjørn Nilsen
Desember 2020

Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet
Fakultet for samfunns- og utdanningsvitenskap
Institutt for psykologi



NTNU

Kunnskap for ei betre verd

Føreord

Det har vore spennande, utfordrande og lærerikt å skrive hovudoppgåve dette året. Spennande og lærerikt takka vere eit interessant og meiningsfullt tema og kunnskapsrike rettleiarar. Utfordrande på grunn av alminnelege bølger i skriveprosessen og eit ualminneleg år å skrive oppgåve i.

Eg synest det er naturleg å seie litt om arbeidsprosessen bak denne oppgåva. Den opphavlege planen var nemleg å samle inn eigne kvantitative data om foreldrementalisering og barns psykososiale fungering, saman med ein medkulling. Nedstenginga av samfunnet i mars gjorde imidlertid at det måtte tenkjast nytt, og då verka ei teoretisk, individuell oppgåve som ei god løysing. Månadane med utarbeiding av problemstillingar til ei empirisk oppgåve, gjennomtenking av praktiske omsyn i samband med datainnsamling, rekruttering av deltakarar og organisering av trygg digital lagring, blei dermed ikkje direkte relevante for denne endelege oppgåva. Dei har likevel bidrege med nyttig innsyn i oppstartsfasen av ein forskingsprosess.

Trass ein litt krunglete veg, er eg glad for å ha hatt eit så interessant og meiningsfullt tema å skrive om. Kunnskap om mentalisering generelt og foreldrementalisering spesielt er eg sikker på at eg vil få god bruk for allereie i hovudpraksis på BUP etter jul, og vidare i relasjonar både i og utanfor yrkessamanheng.

Eg vil gjerne takke hovudrettleiar, Nina Jakhelln Laugen, for gode råd, tilgjengelegheit og både fagleg og mellommenneskeleg støtte i dette arbeidet. Takk òg til birttleiar Torbjørn Nilsen for inspirerande samtalar om mentalisering og eit smittande engasjement for fagfeltet.

I tillegg vil eg rette ei takk til familien min for å vere min trufaste heilagjeng i form av interesse for prosjektet, støtte og motiverande ord. Og sist, men ikkje minst, vil eg seie som Ringo: I get by with a little help from my friends. Takk for varmande smil, gode virtuelle klemmar, delte tårer og delt latter dette året!

Trondheim, desember 2020

Elisa Bruvik Sætre

Samandrag

Foreldrementalisering blir sett på som viktig for barn si utvikling. Samstundes er foreldrementalisering eit fleirfasettert omgrep. Det finst fleire teoretiske rammeverk, operasjonaliseringar og målemetodar knytt til dette omgrepet. Målet med denne teoretiske oppgåva er å gjere det tydelegare korleis foreldrementalisering verkar på barnet i praksis. Oppgåva er leia av følgjande problemstilling: “Korleis påverkar foreldrementalisering barnet si utvikling?” Problemstillinga er vidare formulert gjennom dei tre del-problemstillingane: 1) Kva dimensjonar ved foreldrementalisering har tyding? 2) Kva er mekanismane som gjer at foreldrementalisering påverkar barnet si utvikling? Og 3) Kva utviklingsområde hos barnet blir påverka? For å svare på problemstillinga, blir ulike teoretiske rammeverk for foreldrementalisering utforska. Det blir presentert forskjellige forskingsmetodar knytt til foreldrementalisering, og drøfta kva ein har funne ut ved å nytte desse metodane. Oppgåva kjem fram til at foreldrementalisering, i form av både mentale representasjonar og åtferd, påverkar utviklingsområde som tilknytning, emosjonsregulering og psykososial fungering hos barnet. Det blir òg peika på korleis visse dimensjonar av foreldrementalisering, som sjølvfokusert mentalisering og emosjonsmedvit, kan ha negative konsekvensar for omsorgsgjeving og barnet si utvikling. Oppgåva konkluderer med at det trengst meir forskning om foreldrementalisering.

Innholdsliste

Føreord	1
Samandrag	2
Innleiing	4
Mentalisering	6
Forklaring av omgrepet	6
Bakgrunnen til omgrepet	6
Innhald i omgrepet	7
Foreldrementalisering	8
Forklaring av omgrepet	8
Ulike teoretiske rammeverk om foreldrementalisering	9
Foreldrementalisering og tilknytning	15
Forklaring av tilknytingsomgrepet	15
Tilknytningas tyding	16
”The Transmission Gap” og foreldrementalisering	16
Forskning på foreldrementalisering	16
Kategoriar av metodar	17
Måling av omsorgsgjevars representasjonar/metakognisjonar	17
Måling av omsorgsgjevars mentaliseringsuttrykk	31
Betydning av målemetodar	38
Diskusjon: Korleis påverkar foreldrementalisering barnet si utvikling?	39
Kva dimensjonar ved foreldrementalisering har tyding?	39
Kva er mekanismane som gjer at foreldrementalisering påverkar barnet si utvikling? ..	43
Kva utviklingsområde hos barnet blir påverka?	44
Svakheiter i forskinga på foreldrementalisering	46
Konklusjon	47
Referansar	49

Korleis påverkar foreldrementalisering barnet si utvikling?

Psykiske lidningar er eit problem på både individ- og samfunnsnivå. Slike lidningar er den største årsaka til tap av helse hos både barn, unge og vaksne i Noreg, og det er estimert at i løpet av eit år vil rundt éin av fem vaksne ha ei psykisk lidning (Folkehelseinstituttet, 2018, s. 25). Eit sentralt spørsmål er dermed kva som kan gjerast for i størst mogleg grad å forebygge at menneske utviklar slike. Her er det mange moglege innfallsvinklar, ettersom det finst fleirfaldige og komplekse årsakar bak mental sjukdom. Éin innfallsvinkel er å fokusere på faktorar som påverkar menneske tidleg i livet, og som potensielt kan bidra høvesvis fremjande eller hemmande for utviklinga vidare.

Årevis med forskning har demonstrert kva rolle foreldre kan spele for barn si utvikling (t.d. Schore, 2001; Naumova et al., 2016). Fleire ulike faktorar ved foreldre og deira omsorgsstil ser ut til å ha betydning, til dømes foreldra sin personlegdom (Kochanska et al., 1997; Kochanska et al., 2004), sensitivitet for barnets signal (Ainsworth et al., 1978; Leerkes, et al. 2009; Lucassen et al., 2011) og tilstadevering av psykisk lidning (Woodruff-Borden et al., 2002; Fendrich et al., 1990; Creech & Misca, 2017; Cummings & Davies, 1994). Ein annan slik faktor er foreldre si mentaliseringsevne (t.d. Slade et al., 2005). Mentaliseringsevne handlar om å forstå seg sjølv og andre. Meir utdjupande kan ein definere mentalisering som ein prosess kor ein gir mening til seg sjølv og andre, implisitt og eksplisitt, i form av subjektive tilstandar og mentale prosessar (Bateman & Fonagy, 2010). Med andre ord inneber mentalisering å innsjå at det å ha eit sinn medierer opplevingane våre av verda (Fonagy et al., 2002, s. 3).

Når ein snakkar om mentalisering i ein omsorgsperson-barn-relasjon, er det vanleg å nytte omgrepet foreldrementalisering. Dette omgrepet er knytt til det å kunne reflektere rundt den indre verda til barnet sitt, og å kunne kople barnet sine mentale tilstandar til barnet si åtferd på meningsfulle og presise måtar (Slade, 2005). Det er tenkt at slike refleksjonar hos foreldre bidreg til foreldreåtferd som er gunstig for barnet. Fleire funn indikerer at foreldrementalisering har betydning for barnet si utvikling, innan område som mellom anna tilknytingsstil (Slade et al., 2005) og psykososial tilpassing (Sharp et al., 2006).

Samstundes er foreldrementalisering eit omfattande, fleirfasettert omgrep, som har gjeve grobott for fleirfaldige operasjoniseringar. Desse skil seg frå kvarandre ut frå kven ein mentaliserer om (t.d. seg sjølv versus barnet), kva form mentaliseringa tek (t.d. indre representasjonar versus synleg åtferd), innhald i mentaliseringa (t.d. emosjonar versus tankar) og kor medviten ein er mentaliseringsprosessen (automatisk versus kontrollert mentalisering).

Med så mange komponentar involvert, oppstår fleire spørsmål: Er alle fasettane av dette omgrepet like relevante for utviklinga til barnet? På kva måte har ulike aspekt ved foreldrementalisering tyding, og kva utviklingsområde hos barnet blir påverka?

Svar på desse spørsmåla vil ha viktige kliniske implikasjonar. Det kan gje retningslinjer for korleis ein konkret kan hjelpe foreldre med å få eit meir utviklingsfremjande samspel og ein tryggare tilknytingsrelasjon med barnet sitt. Det kan òg vere med på å rettleie vidare forskning om foreldrementalisering, gjennom hint om kva ein treng meir kunnskap om.

Av desse årsakene vil denne oppgåva ta føre seg følgjande problemstilling: “Korleis påverkar foreldrementalisering barnet si utvikling?” For å gjere problemstillinga angripeleg, er den vidare formulert gjennom tre del-problemstillingar: 1) Kva dimensjonar ved foreldrementalisering har tyding? 2) Kva er mekanismane som gjer at foreldrementalisering påverkar barnet si utvikling? Og 3) Kva utviklingsområde hos barnet blir påverka? Målet med oppgåva er å gjere det tydelegare korleis foreldrementalisering verkar i praksis, slik at det blir lettare å forholde seg konkret til dette omgrepet.

Fleire faktorar har påverka val av metode for å belyse denne problemstillinga. Formalitetar som oppgåva sitt format (hovudoppgåve), tidsavgrensing og det faktum at den blir skriva av éin person, utelukka fleire framgangsmåtar. Med denne problemstillinga kunne det til dømes ha vore fruktbart å nytte systematisk review for å syntetisere den beste tilgjengelege evidensen på området eller å samanlikne liknande studiar i ein meta-analyse (Wright et al., 2007). Dette blei uaktuelt i denne oppgåva, av grunnane nemnd over. I tillegg var det avgjerande at føremålet med oppgåva ikkje er ei kritisk evaluering av empiri, men heller utforsking av ulike sider ved eit komplekst omgrep. Sidan foreldrementalisering er operasjonalisert på fleirfaldige måtar, verka det føremålstenleg å sjå desse opp mot kvarandre ved å utforske skilnadar, likskapar, overlapp og uavhengige bidrag frå dei ulike variantane. Av desse grunnane er det vald ei utforskande tilnærming kor ulike retningar innan foreldrementaliseringfeltet blir sett opp mot kvarandre, og kor funn frå desse retningane blir diskutert og reflektert rundt.

Oppgåva har hovudsakleg tre delar. Den første delen skildrar teoretiske rammeverk. Den startar med grunnleggjande teori om mentaliseringsomgrepet generelt. Dette inkluderer ei kort framstilling av historisk bakgrunn, i tillegg til presentasjon av dei ulike dimensjonane omgrepet består av, slik dei er presenterte i Fonagy & Luyten (2009). Denne delen går vidare over til å forklare omgrepet “foreldrementalisering”. Det finst fleire syn på korleis

foreldrementalisering påverkar barnet, og fire ulike syn vil bli presenterte her. I tillegg vil det bli gjennomgått kva tilknytning er og korleis det er tenkt relatert til foreldrementalisering.

Den andre delen handlar om forskning på foreldrementalisering. Sidan val av operasjonisering og metode har stor tyding for kva ein finn ut, vil fleire av desse metodane bli gjennomgått. Nærmare bestemt vil fire metodar som hovudsakleg måler eksplisitt-kontrollert mentalisering gjennom intervju, og to metodar som hovudsakleg måler implisitt-automatisk mentalisering gjennom observasjon, bli presenterte. For kvar metode, vil det bli skildra korleis metoden utførast, kva mentaliseringsdimensjonar ein får tilgang på gjennom metoden, og kva ein har funne ut ved bruk av metoden, når det gjeld involverte mekanismar og utfall hos barnet.

Oppgåva sin tredje del tek føre seg dei tre del-problemstillingane i ein diskusjon. Metodane og studiane presenterte i del 2 blir utgangspunkt for ei drøfting av korleis foreldrementalisering påverkar barnet si utvikling. Deretter følgjer ei drøfting av svakheiter ved empirien som er nytta, og til slutt endar oppgåva i ein konklusjon.

Mentalisering

I det følgjande vil mentaliseringsomgrepet generelt bli gjennomgått. Det er vald å vektlegge Fonagy med kolleger sitt teoretiske rammeverk (Fonagy et al., 2002). Årsaka til dette er at desse forskarane reknast som pionerarar på mentaliseringsfeltet.

Forklaring av omgrepet

Mentalisering er ei form for sosial kognisjon (Fonagy & Luyten, 2009). Kort forklart kan ein seie at mentalisering handlar om å forstå seg sjølv og andre. Meir utdjupande kan ein definere mentalisering som ein prosess kor ein gir mening til seg sjølv og andre, implisitt og eksplisitt, i form av subjektive tilstandar og mentale prosessar (Bateman & Fonagy, 2010). Med andre ord inneber mentalisering å innsjå at det å ha eit sinn medierer opplevingane våre av verda (Fonagy et al., 2002, s. 3).

Bakgrunnen til omgrepet

Mentalisering som omgrep har opphav hos franske psykoanalytikarar på 1960-talet. Dei nytta det i forståinga si av psykosomatisk sjukdom (Lecours & Bouchard, 1997). Vidare blei omgrepet til ei viss grad operasjonisert av utviklingsforskarar som studerte Theory of Mind (Leslie, 1987), mellom anna i samband med å forstå autisme (t.d. Baron-Cohen et al., 1985; Baron-Cohen et al., 1995) og schizofreni (t.d. Corcoran et al., 1995; Frith & Corcoran,

1996). Parallelt med dette, studerte Peter Fonagy, Mary Target og kollegaer mentalisering si rolle i psykopatologi (t.d. Fonagy et al., 1996), utvikling (t.d. Fonagy & Target, 1996) og i samband med tidlege tilknytingsrelasjonar (t.d. Fonagy et al., 1991b).

Innhald i omgrepet

Mentalisering er eit innhaldsrikt omgrep og karakteriserast som multifasettert. Fonagy og Luyten (2009) hevdar at mentalisering kan seiast å vere organisert langs fire dimensjonar. Bakgrunnen for dette er at kvar dimensjon er knytt til involvering av to ulike nevrane system. I tillegg støttar heuristiske omsyn og forskning innan sosial og kognitiv utviklingspsykologi ei slik inndeling (Fonagy & Luyten, 2009; Lieberman, 2007). Ein tenkjer at effektiv mentalisering handlar om fleksibilitet: Ein må kunne byte fleksibelt mellom ulike måtar å mentalisere på ut frå kva som vil vere føremålstenleg i situasjonen (Fonagy & Bateman, 2019; Luyten et al., 2019). Under vil dimensjonane som inngår i mentaliseringsomgrepet bli skildra, med utgangspunkt i korleis Fonagy og Luyten (2009) har presentert dei.

Implisitt-automatisk versus eksplisitt-kontrollert mentalisering

Det har lenge vore vanleg å skilje mellom automatiske og kontrollerte prosessar innan sosial og kognitiv psykologi, ofte under namnet “dual-process”-teoriar (Evans & Stanovich, 2013). Dette skiljet har etter kvart blitt nytta i mentaliseringsfeltet òg (t.d. Lieberman, 2007). Implisitt eller automatisk mentalisering er som regel umedviten, non-verbal og refleksiv. Her skjer prosesseringa parallelt og raskt, og krev liten innsats, fokusert merksemd eller intensjon (Fonagy & Luyten, 2009; Satpute & Lieberman, 2006). Eksplisitt mentalisering er derimot medviten, verbal og reflekterande. Det involverer langsam prosessering som føregår i serie. Eksplisitt mentalisering krev merksemd, intensjon, medvit og innsats (Satpute & Lieberman, 2006).

Mentalisering basert på indre versus ytre trekk ved ein sjølv og andre

Skiljet mellom mentalisering basert på indre versus ytre trekk, handlar om kva som er merksemdsfokuset for mentaliseringa. Indre trekk involverer tankar, kjensler og opplevingar hos ein sjølv eller andre. Ytre trekk vil derimot innebere det som er synleg og fysisk hos ein sjølv eller andre (Fonagy & Luyten, 2009). Dette kan til dømes vere åtfærd eller mimikk.

Kognitiv versus affektiv mentalisering

Den tredje dimensjonen av mentalisering handlar om kor vidt ein mentaliserer kognitivt eller affektivt. Kognitiv mentalisering kan seiast å vere tanke-basert. Det inneber at ein dannar representasjonar av mentale tilstandar og har teoriar om dei. Døme på dette kan vere: “Eg trur at Mia likar å leike”, eller: “Per forstår at Pål er lei seg” (Baron-Cohen et al., 2008).

Affektiv mentalisering er derimot kjensle-basert. Det tek form ved at ein opplever ein affektiv tilstand som passar til, eller er triggja av, ein affektiv tilstand hos andre (Baron-Cohen et al., 2008). Døme på dette er: “Eg er lei meg for at du blei såra av det eg sa”, eller: “Ole er glad for at Kari likte presangen”. Affektiv mentalisering inneber både sympati og empati (Baron-Cohen et al., 2008).

Vi ser dermed at både kognitiv og affektiv mentalisering inneber eit meta-nivå: Det handlar om kva ein høvesvis tenkjer og føler om tankar og følelsar. Desse mentaliseringsformene kan òg interagere. Kva tankar ein har om ein mental tilstand kan til dømes påverke kva ein føler om den (Baron-Cohen et al., 2008).

Mentalisering som gjeld ein sjølv versus andre

Når det gjeld mentalisering av ein sjølv og andre, ser det ut til å vere mindre grunn til å vere oppteken av eit skilje. Det finst nemleg indikasjonar om at det er dei same nevrane nettverka som er involverte i begge høve: Eitt kroppsbasert spegelnevron-system som er involvert i å forstå det multimodale, kroppslige sjølv (hos ein sjølv og andre) og eitt mindre kroppsbasert system som prosesserer informasjon om ein sjølv og andre på meir symbolske og abstrakte måtar (Uddin et al., 2007; Gallese et al., 2004).

Samstundes kan det sjå ut til at det å skilje seg sjølv frå andre er ein relevant føresetnad for mentalisering. Støtte for dette finst i nevbilete-funn som indikerer at same kortikale område er involverte i mentalisering, som i inhibisjon av nevrane impulsar om å utføre åtfærd som ein opplever at andre utfører (Fonagy & Luyten, 2009).

Foreldrementalisering

Forklaring av omgrepet

Mentalisering i konteksten omsorgsperson-barn-relasjon, kan overordna kallast foreldrementalisering. Ein er oppteken av foreldrementalisering fordi det blir sett på som ein mogleg mediator mellom omsorgsperson-barn-relasjonen på den eine sida og barnet sin tilknytningstryggleik og psykososiale utvikling på den andre (Sharp & Fonagy, 2008).

Ulike teoretiske rammeverk om foreldrementalisering

Kva mekanismar det er som gjer at foreldrementalisering påverkar barnet, finst det fleirfaldige teoriar om. Fire av desse vil bli presenterte her. Grunna oppgåva si avgrensing, er det blitt prioritert å presentere teoriar som blir mykje brukt. Det er òg prøvd å velje teoretiske innfallsvinklar som skildrar komplementerende aspekt ved mekanismar involverte i korleis foreldrementalisering påverkar barnet. Rammeverka vil bli skildra og deretter prøvd plasserte innanfor Fonagy og Luyten (2009) sine mentaliseringsdimensjonar.

Eksternalisering av indre tilstandar

Teorien. I Fonagy med kolleger sitt rammeverk, er “eksternalisering” eit nøkkelord for kva betydning foreldrementalisering har for barnet. Med omgrepet “eksternalisering” er det her meint at indre tilstandar blir representerte i den ytre verda. I dette rammeverket tenkjer ein at foreldre med gode mentaliseringsevner vil respondere på barnet sine indre tilstandar ved å eksternalisere dei. Det kan skje ved at omsorgspersonen speglar tilstandane i andletsuttrykk, verbale utsegn eller leik (Fonagy et al., 2002, s. 297).

Samstundes er det viktig at eksternaliseringa er markert. Det betyr at det må gjerast tydeleg at dei indre tilstandane er representasjonar som er fråkoplare realiteten, og ikkje den faktiske realiteten. For å gjere dette tydeleg, kan ein nytte markert affektspegling eller “på liksom”-leik. Då kallast det “markert eksternalisering” (Fonagy et al., 296-299). Eit døme på dette kan vere at barnet er redd, og at omsorgsgjevar lagar eit andletsuttrykk som speglar redselen, men i tillegg viser eit varmt smil eller eit lurt blick. Dette signaliserer at dei ikkje befinn seg i ein reell trugselsituasjon, men at omsorgsgjevaren skjønar at det er slik barnet kjenner det. Ein kan òg markere eksternaliseringa ved bruk av eksterne medium, som teikning. Dette blir omtala som “symbolsk eksternalisering” (Fonagy et al., 2002 s. 296-299).

Ein føresetnad for å kunne nytte markert eksternalisering med barnet sitt, er gode mentaliseringsevner. Dette inneber at omsorgsgjevar sjølv forhold seg til indre tilstandar som representasjonar og ikkje som realitet. Dersom omsorgsgjevar forhold seg til indre tilstandar som om dei var realitet, kan vedkommande bli overvelda. Eit døme på dette kan vere at barnet er sint og uttrykkjer denne kjensla. Dersom omsorgspersonen har med seg ei antaking om at sinne er ei farleg kjensle, er det truleg at vedkommande vil kjenne på ubehag og frykt i møte med sinnet. Om omsorgspersonen tolkar sitt eige ubehag og frykt som at barnets sinne *faktisk* er farleg, blir det vanskeleg å respondere på ein måte som ivaretek barnet sitt behov.

Kort fortald vil mentaliserande foreldre hjelpe barnet med å lage eksterne representasjonar av indre tilstandar. Fonagy et al. (2002, s. 298) sin hypotese er at desse

eksterne representasjonane er forløparar til indre representasjonar av affektive tilstandar for barnet. Når barnet evnar å lage indre representasjonar av mentalt innhald på eiga hand, vil det bli lettare for barnet å regulere seg sjølv.

Involverte mentaliseringsdimensjonar. Denne forma for foreldrementalisering kan seiast å involvere mentalisering av både seg sjølv (omsorgspersonen) og av andre (barnet). Det er mentalisering av barnet som er mest tydeleg i fokus. Likevel vil omsorgspersonen si mentalisering av seg sjølv spele ei rolle for at omsorgspersonen skal kunne respondere på indre tilstandar hos barnet på ein mentaliserande måte.

Vidare vil foreldrementalisering her vere basert på både indre og ytre trekk, der hovudvekta kan seiast å vere på indre trekk. Bakgrunnen for dette er tanken om at omsorgsgjevar forhold seg til dei indre trekk til barnet, gjennom å oppfatte og eksternalisere dei. Samstundes vil som regel indre trekk synast i ytre trekk òg, så desse fasettane heng saman.

Når det gjeld kognitiv versus affektiv mentalisering, er det rimeleg å anta at begge desse variantane er involverte i rammeverket som er skildra her. Dette inneber at omsorgsgjevar både nyttar kognitive “teoriar” og emosjonelle responsar som grunnlag for det vidare samspelet med barnet. Til slutt kan ein hevde at både eksplisitt-kontrollert og implisitt-automatisk mentalisering inngår i dette teoretiske perspektivet. Den implisitt-automatiske mentaliseringa kan kome til syne gjennom spontane andletsuttrykk som speglar barnet sitt indre liv på ein markert måte. Den eksplisitt-kontrollerte mentaliseringa kan derimot ta form som verbale kommentarar om det omsorgsgjevar trur føregår i barnet.

Det er naturleg at begge aspekt ved alle mentaliseringsdimensjonane ser ut til å vere involverte her, sidan Fonagy står bak både dette rammeverket (Fonagy et al., 2002) og mentaliseringsdimensjonane (Fonagy & Luyten, 2009).

Å rettleie barnet i møte med emosjonar

Teorien. Gottman et al. (1996) har presentert eit anna rammeverk for forståinga av korleis mentaliserande foreldre påverkar barnet. Her blir det vektlagt kva tankar og kjensler foreldra har angående *negative emosjonar* hos seg sjølv og barnet. Dette skil seg frå Fonagy med kolleger sitt rammeverk, som handlar om foreldra i møte med indre tilstandar av både kognitiv, affektiv og fysiologisk art, og tilstandar med både positivt og negativt innhald.

Dei tankane og kjenslene som foreldra har om emosjonar, blir her beteikna som foreldra sin “meta-emosjonsfilosofi” (“parental meta-emotion philosophy; PMEP). Jamfør

Gottman et al. (1996) vil ein optimal meta-emosjonsfilosofi vere ein såkalla emosjonsrettleiande filosofi (“emotion coaching philosophy”). Dette inneber fem komponentar. (1) Medvit om emosjonar av låg intensitet hos seg sjølv og barnet, (2) å sjå på barnet sine negative emosjonar som ei moglegheit for intimitet eller læring, (3) validering av barnet sine emosjonar, (4) å rettleie barnet gjennom verbal namngjeving av barnet sine emosjonar, og (5) problemløysing med barnet, grensesetjing for åtferd og å diskutere mål og strategiar for å handtere situasjonen som førte til emosjonen. Det motsette av dette, kallast ein emosjonsavvisande filosofi (“emotion dismissing philosophy”; Gottman et al., 1996).

I likskap med Fonagy et al. sitt rammeverk, kan det seiast at det her òg er ein føresetnad at foreldra ser på indre tilstandar som representasjonar, og ikkje som realitet. Foreldre som møter negative emosjonar med frykt eller overvelding, vil truleg ikkje ha kapasitet til å validere barnet sine kjensler eller drive problemløysing. Vidare kan fleire av komponentane i ein emosjonsrettleiande filosofi likne på eksternalisering (t.d. verbal namngjeving av barnet sine emosjonar). Det unike bidraget til dette rammeverket, er at det kjem med vidare implikasjonar om åtferd (sjå komponent 5): Det blir antekt at foreldre med optimale meta-emosjonsfilosofiar på pedagogisk og eksplisitt vis lærer barnet korleis det kan forholde seg til negative emosjonar.

Meir spesifikt er det i dette rammeverket tenkt at foreldre med ein emosjonsrettleiande filosofi, viser høgare grad av “scaffold-praising” og lågare grad av nedsetjande foreldreåtferd. “Scaffold-praising” vil seie at ein rettleiar barnet på ein strukturert, positiv, entusiastisk og følsam måte (Gottman et al., 1996). Dette kan relaterast til Vygotskys proksimale utviklingssone, og til Bruner sitt stillas-omgrep (“scaffolding”; Wood et al., 1976). Nedsetjande foreldreåtferd vil her seie å vere påtrengande, kritisk og hånleg mot barnet. Gjennom ein slik foreldrestil er det tenkt at foreldra fremjar barnets evne til å roe seg ned fysiologisk og til å fokusere merksemd. Desse evnene blir sett på som essensielle for emosjonsregulering, og vidare for å fungere godt på skulen og i sosialt samspel med andre (Gottman et al., 1996).

Sidan det medfølgjer verbale krav til ein fullstendig emosjonsrettleiande filosofi, kan det argumenterast for at dette rammeverket er mindre aktuelt for omsorgsrelasjonar med preverbale spedbarn.

Involverte mentaliseringsdimensjonar. Dersom ein skal sjå PMEP i lys av mentaliseringsdimensjonane til Fonagy og Luyten (2009), er det her snakk om mentalisering av både omsorgspersonen sjølv og andre (barnet). Vidare kan ein seie at PMEP involverer

både eksplisitt-kontrollert og implisitt-automatisk mentalisering. Det ser likevel ut til å vere mest eksplisitt-kontrollert mentalisering, sidan PMEP handlar om å vere *medviten* emosjonar hos seg sjølv og barnet, og å snakke om desse emosjonane. Sidan dette rammeverket fokuserer mest på mentalisering av negative emosjonar, kan ein hevde at PMEP hovudsakleg er mentalisering basert på indre trekk. Likevel vil ofte indre trekk kome til uttrykk gjennom ytre trekk, så desse mentaliseringsformene heng tett saman. På dimensjonen “kognitiv versus affektiv mentalisering”, kan ein seie at PMEP involverer begge, gjennom at omsorgspersonen både nyttar affektive opplevingar og kognitive teoriar i mentaliseringsprosessen. Sjølv om mentaliseringa er både kognitiv og affektiv, er det i dette rammeverket affektive tilstandar som er “objekt” for mentaliseringa.

Å behandle barnet som ein mental agent

Teorien. Ei meir kognitiv tilnærming til foreldrementalisering, er omsorgsgjevars mind-mindedness (“mind-mindedness”; MM; Meins, 1997). Å vere mind-minded vil seie at ein ser på, og behandlar, barnet som eit individ med sitt eige sinn, og ikkje berre som ei eining med behov som må tilfredsstillast (Meins et al., 2003). Det involverer ein spesifikk sensitivitet til barnet sine mentale tilstandar og pågåande aktivitet (Meins et al., 2001). MM må derfor ikkje forvekslast med “omsorgsgjevars sensitivitet” (Ainsworth et al., 1978), som handlar om ein generell sensitivitet til barnet sine emosjonelle og fysiske behov.

I dette rammeverket nyttast Vygotskys proksimale utviklingszone som argument for at barnet lærer seg å bli ein mental agent gjennom å bli behandla som det av omsorgspersonen (Meins, 1997). Når omsorgspersonen behandlar barnet som eit individ med sitt eige sinn, vil barnet forstå at det sjølv og andre er mentale agentar (Sharp & Fonagy, 2008). I likskap med Gottman et al. sin emosjonsretteleande meta-emosjonsfilosofi, er det her tenkt at barnet blir rettleia til å forholde seg til indre tilstandar. Likevel skjer ikkje dette like eksplisitt her som i PMEP.

Basert på studiar om MM vektlegg Meins med kolleger korleis MM påverkar barnet gjennom verbale utsegn. Her kan det nemnast at det har blitt testa fleire uttrykk for MM. Desse involverer omsorgspersons bruk av blick, imitasjon og nonverbale handlingar som responsar på barnet sine blick, lydar og handlingar. Sidan desse uttrykka ikkje viste seg å ha prediktiv validitet for barnets seinare tilknytning, er dei blitt lagt vekk som MM-uttrykk (i allfall som operasjoniseringar i forskning) (Meins et al., 2001).

Meir spesifikt ser det ut til å ha betydning i kva grad omsorgsgjevar kjem med kommentarar om barnet sin indre tilstand som passar med barnet sin faktiske tilstand (Meins

et al., 2001), og i kva grad omsorgsgjevar unngår å kome med kommentarar som ikkje passar (Meins, 2013; Meins et al., 2012). Dette gjev assosiasjonar til Fonagy et al. sitt rammeverk, ved at omsorgsgjevar eksternaliserer barnet sin indre tilstand gjennom verbale kommentarar.

Involverte mentaliseringsdimensjonar. Dersom ein skal plassere MM på mentaliseringsdimensjonane til Fonagy og Luyten (2009), kan denne mentaliseringsforma seiast å vere både eksplisitt-kontrollert og implisitt-automatisk. Årsaka til dette er at omsorgsgjevar tolkar barnet sine indre tilstandar, og responderer verbalt på desse. Denne prosessen kan skje både medvitent og spontant. Vidare ser det her ut til å vere hovudsakleg mentalisering av andre (barnet), framfor av ein sjølv. Når det gjeld kor vidt MM er mentalisering basert på indre eller ytre trekk, kan ein hevde at MM fokuserer på begge. Dette underbyggast av at omsorgsgjevar kan kome med verbale utsegn både når barnet gjev tydelege, synlege hint om dei indre tilstandane sine, og når det er vanskelegare å sjå korleis barnet har det, slik at omsorgsgjevar må gjere eigne antakingar om barnet sine indre trekk. Ein kan argumentere for at MM inneber meir kognitiv enn affektiv mentalisering, gjennom kontinuerleg “teoridanning” om barnet sine indre tilstandar. Samstundes vil affektive opplevingar kunne supplere eller gje emosjonell ladning til desse teoriane.

Til skilnad frå meta-emosjonsfilosofien til Gottman et al., 1996, er MM relevant for samspel med pre-verbale spedbarn. Når barnet ikkje kan snakke, blir det stilt større krav til omsorgsgjevar når det gjeld å representere og tolke dei indre tilstandane til barnet. Samstundes kan ein spørje seg kor mykje barnet forstår av det omsorgsgjevar seier. Dette fostrar spørsmål om kor vidt det semantiske innhaldet i omsorgsgjevar sine utsegn har tyding for barnet.

Å mentalisere gjennom kroppslege uttrykk

Teorien. Til skilnad frå MM, vektlegg Shai og Belsky (2011) korleis foreldrementalisering verkar på barnet gjennom implisitte, nonverbale uttrykk. Desse teoretikarane argumenterer for at implisitt mentalisering er særleg viktig for mellommenneskelege relasjonar, og spesielt for preverbale spedbarn. Sjølv om dei ikkje ser eksplisitt og implisitt mentalisering som gjensidig utelukkande fenomen, har dei ikkje tru på at desse er perfekt korrelerte (Shai & Belsky, 2011).

I dette rammeverket er implisitt mentalisering operasjonalisert gjennom kinestetiske uttrykk. Her er det ikkje isolerte, konkrete rørsler hos enkeltindivid som er av betydning, men heller det dynamiske rørslemønsteret mellom omsorgsgjevar og barn. Shai og Belsky (2011)

kallar denne mentaliseringsforma for “Parental Embodied Mentalizing” (PEM). PEM består av to komponentar: At omsorgsgjevar 1) implisitt oppfattar, forstår og forlengar barnet sine mentale tilstandar ut frå det kinestetiske uttrykket barnet viser med heile kroppen, og 2) justerer eige kinestetisk mønster ut frå dette. Komponentane skildra her er ikkje isolerte frå kvarandre, men føregår i eit dynamisk samspel mellom partane. Her handlar det om *korleis* rørsler blir utførde, meir enn *kva* rørsler som blir utførde (Shai & Belsky, 2011).

PEM har likskapar med dei andre rammeverka som er presenterte; her òg handlar det om at omsorgsgjevar oppfattar og tolkar indre tilstandar hos barnet, og responderer på desse gjennom tilpassa handlingar. Vidare kan PEM minne om Fonagy et al. sitt rammeverk, sidan indre tilstandar kan seiast å bli eksternaliserte når omsorgsgjevar tek omsyn til dei - då spelar dei indre tilstandane ei rolle i den ytre verda. PEM har òg likskapar med MM, sidan ein behandlar barnet som eit individ med sitt eige indre liv. Skilnaden er at her skjer det gjennom kroppsleggjort (“embodied”) interaksjon, på eit implisitt-automatisk nivå.

Det er tenkt at foreldre med høg PEM fremjar barnet sitt “embodied sense of self” i tillegg til å påverke kva representasjonar barnet får av mellommenneskelege relasjonar (Shai & Belsky, 2011). Ved at omsorgsgjevar justerer sitt kinestetiske mønster ut frå barnet sitt kinestetiske uttrykk, vil fleire viktige opplevingar bli fremja hos barnet: At barnet sine handlingar er motiverte av mentale tilstandar og derfor meiningsfulle, at barnet er agent og eigar av eigen kropp og eigne handlingar, at barnet kan dele mentale tilstandar av både positiv og negativ art med andre, samt at andre kan og vil kommunisere med barnet på eit mentalistisk nivå. Interaksjonane mellom barnet og den mentaliserande forelderen vil bli lagra som somatiske tilknytingsregistreringar i proseduralminnet (Shai & Belsky, 2011). Shai og Belsky (2011) si hypotese er at desse opplevingane fostrar barnet sin tryggleik og tillit til omsorgsgjevar.

Involverte mentaliseringsdimensjonar. Når ein skal skildre PEM ut frå mentaliseringsdimensjonane til Fonagy og Luyten (2009), er det allereie gjort tydeleg at PEM handlar om implisitt-automatisk mentalisering, og ikkje det eksplisitt-kontrollerte aspektet. Det kan vidare argumenterast for at PEM er mentalisering basert på ytre heller enn indre trekk. Likevel involverer PEM ei underliggande antaking om at dei ytre trekka (her: barnets kinestetiske åtferd) formidlar indre trekk, så her er det ikkje enten-eller.

På dimensjonen “mentalisering som gjeld ein sjølv versus andre”, er det nærliggjande å tenke at PEM handlar mest om mentalisering av andre, som i dette høvet vil seie av barnet. Samstundes vektlegg PEM det kroppslege samspelet mellom partane i omsorgsdyaden. Det

kan derfor vere meir relevant å trekke fram det kroppsbaserte mentaliseringssystemet som er involvert i å forstå det multimodale, kroppslege sjølvvet hos både ein sjølv og andre (Uddin et al., 2007; Gallese et al., 2004).

Den siste mentaliseringsdimensjonen skildra av Fonagy og Luyten (2009) omhandlar kognitiv versus affektiv mentalisering. Her er det vanskeleg å plassere PEM, sidan denne mentaliseringsformen føregår automatisk. Truleg involverer PEM både kognitiv og affektiv mentalisering, gjennom at ein både har teoriar om barnets indre tilstandar, og opplever kjensler i møte med barnet sine uttrykk. Samstundes oppstår desse teoriane og kjenslene umedvitet og automatisk, og blir agert på utan vidare refleksjon.

Foreldrementalisering og tilknytning

Tilknytning er eit sentralt omgrep når ein undersøker relasjonar mellom omsorgsgjevar og barn i psykologien. Som det har kome frampeik om i den teoretiske skildringa over, er det tenkt at foreldrementalisering kan spele ei rolle for tilknytingsrelasjonen mellom omsorgsgjevar og barn. For å kunne forklare dette nærmare, vil tilknytingsomgrepet kort bli gjennomgått her. Deretter vil det bli skildra korleis tilknytning og foreldrementalisering er tenkt samanvevd.

Forklaring av tilknytingsomgrepet

Tilknytning refererer til det emosjonelle bandet mellom omsorgsperson (ofte mor) og barn, som bind dei saman i rom og vedvarar over tid (Ainsworth & Bell, 1970). Omgrepet har opphav i arbeidet til John Bowlby og Mary Ainsworth på 50- og 60- talet (sjå Bretherton, 1992 for ein historisk gjennomgang).

Det er tenkt at den evolusjonære funksjonen til tilknytning er å verne barnet mot fare ved å søke og oppretthalde nærleik til omsorgspersonen (t.d. Ainsworth & Bell, 1970). All åtferd frå barnet som bidreg til dette, vert kalla “tilknytingsåtferd” (“attachment behaviour”; Bowlby, 1969, s. 195), medan det tilsvarande hos omsorgspersonen kallast “omsorgsåtferd” (“caregiving behaviour”; Bowlby, 1969, s. 182). Samstundes vil eit barn òg ha behov for å utforske omgivnadane, noko ein kan kalle “utforsgingsåtferd” (“exploratory behaviour”; Bowlby, 1969, s. 237). Balansen mellom tilknytingsåtferd og utforsgingsåtferd, og i kva grad ein nyttar omsorgsgjevar som ein trygg base og ei sikker hamn, seier noko om tilknytingsmønsteret i relasjonen (Ainsworth & Bell, 1970). Gjennom studiar av mor-barn-dyadar i den såkalla Framandsituasjonen (“The Strange Situation”), i kombinasjon med observasjonar i heimen, fann Mary Ainsworth, og seinare Mary Mains, grovt sett fire

kategoriar av tilknytingsmønster: Trygg tilknytning, utrygg unnvikande tilknytning, utrygg ambivalent tilknytning og desorganisert tilknytning (Ainsworth & Bell, 1970; Main & Solomon, 1986).

Tilknytingas tyding

Det har vore uklart kva faktorar som påverkar kva tilknytingsmønster som blir utvikla i ein omsorgsrelasjon. Grunnen til at dette ville vore nyttig å vite noko om, er at ulike tilknytingsmønster ser ut til å vere assosierte med ulike utfall seinare i livet (t.d. Sroufe, 2005). Etter kvart har det likevel kome antydningar om at barn kan sjå ut til å utvikle same tilknytingsmønster som omsorgsgjevar sjølv hadde/har til foreldra sine (Fonagy et al., 1998). Det er mellom anna funne at kva tilknytingsklassifisering gravide kvinner hadde før dei fødte, predikerer tilknytingsstil hos barnet ved eitt-årsalder (Fonagy et al., 1991a), og at tilknytingsstil korresponderer på tvers av tre generasjonar (Benoit & Parker, 1994).

“The Transmission Gap” og foreldrementalisering

Samstundes var det framleis uklart kva mekanismar som spelar inn i denne overføringa av tilknytingsstil. Denne uvissheita har blitt omtala som “the transmission gap” (Van IJzendoorn, 1995). Mors sensitivitet til barnets signal og kommunikasjon har blitt føreslått som ein mekanisme som bidreg til trygg tilknytning hos barnet (Ainsworth., 1978). Likevel ser ikkje dette omgrepet ut til å vere fullstendig dekkande som forklaring på “the transmission gap” (De Wolff & Van IJzendoorn, 1997). Ein annan mogleg mediator mellom omsorgsgjevar og barns tilknytingsstil, er foreldrementalisering. Denne forklaringa får støtte i fleire studiar (Fonagy et al., 1998; Fonagy & Target, 2007; Slade et al., 2005).

Dersom ein går ut frå at foreldrementalisering spelar ei viktig rolle for kva tilknytingsstil barnet utviklar med omsorgsgjevaren sin, korleis er det foreldrementaliseringa “verkar” på barnet? Er det til dømes nokre av dimensjonane ved mentaliseringsomgrepet som har større betydning enn andre? Har det noko å seie korleis foreldrementaliseringa kjem til uttrykk? Desse spørsmåla vil bli utforska vidare i denne oppgåva.

Forsking på foreldrementalisering

For å kome nærmare svar på korleis foreldrementalisering konkret påverkar barnet, kan ein vende seg til forskingslitteraturen. I tråd med dei ulike teoretiske perspektiva på foreldrementalisering skildra over, finst det ulike operasjonaliseringar og målemetodar for foreldrementalisering. Det er relevant med kunnskap om dei ulike målemetodane, då val av

metode har betydning for kva aspekt ved foreldrementalisering ein finn ut noko om. I denne delen vil ulike måtar å måle foreldrementalisering bli skildra. For kvar metode vil funn frå studiar kor metodane er nytta, bli diskuterte.

Kategoriar av metodar

Grovt sett kan ein dele målemetodane i to kategoriar: 1) Metodar som operasjoniserer foreldrementalisering som mentale representasjonar/metakognisjonar hos ein omsorgsperson, og 2) metodar som operasjoniserer foreldrementalisering som omsorgspersonen si åtferd. I det følgjande vil det bli skildra fire målemetodar innan den første kategorien, og to målemetodar innan den andre. Metodane er relaterte til dei teoretiske rammeverka presenterte tidlegare. Samstundes er det ikkje alltid slik at målemetoden klarer å fange opp alle aspekta som inngår i det teoretiske omgrepet. Det vil derfor bli skildra kva målemetodane går ut på, og kva mentaliseringsdimensjonar dei ser ut til å måle. For kvar metode blir det òg skildra og diskutert kva ein har funne ut om foreldrementalisering sin verknad på barn ved å bruke denne metoden.

I tillegg til metodane som blir presenterte her, finst det spørjeskjema som skal måle foreldrementalisering, t.d. Parental Reflective Functioning Questionnaire (PRFQ; Luyten et al., 2017) og mentalisering generelt, t.d. Mentalization Scale (MentS; Dimitrijevic et al., 2018). Spørjeskjema som metode kan tilby ein meir effektiv og tidssparande måte å få kunnskap om mentaliseringsevner på (Dimitrijevic et al., 2018). Av avgrensingsomsyn er det vald å ikkje fokusere på spørjeskjema som metode i denne oppgåva. Det er heller vald å prioritere metodar kor forskarane kan sjå *korleis* deltakarane svarer og oppfører seg, *i tillegg* til kva dei responderer.

Måling av omsorgsgjevars representasjonar/metakognisjonar

I det følgjande vil det bli presentert fire forskingsmetodar kor ein måler foreldrementalisering i form av foreldre sine *mentale representasjonar* om seg sjølv, tilknytingsrelasjonar og barnet sitt. Etter å ha gjennomgått desse metodane, involverte mentaliseringsdimensjonar og studiar kor dei er brukte, følgjer ei oppsummering av kva ein har funne ut ved å bruke metodar som fokuserer på omsorgsgjevarar sine mentale representasjonar.

Foreldrementalisering kan kallast ei “usynleg” evne, då det inneber å “halde sinn i sinn” gjennom mentale representasjonar av seg sjølv og barnet sitt. Når ein skal forske på mentalisering, ønskjer ein å få tilgang på slike representasjonar. Éin mogleg inngang til dette,

er intervju. Det er utvikla fleire intervju med tilhøyrande kodingsystem som har som føremål å få informasjon om representasjonane til intervjuobjekta. Skilnaden mellom fleire av desse intervju, er at dei fokuserer på ulikt innhald i omsorgsgjevares representasjonar.

Representasjonar av eigne tilknytingsrelasjonar: AAI-RF

Metoden. Adult Attachment Interview (AAI) blei utvikla av George, Kaplan og Main på 1980-talet for å få informasjon om intervjuobjektets tilknytingsrelasjonar til eigne omsorgsgjevarar (Main et al., 1985; George et al., 1985). Intervjuet er semistrukturert, består av 20 spørsmål og tek 1-2 timar å administrere (George et al., 1996; Slade et al., 2005). Intervjuobjektet blir m.a. beden om å skildre barndomsopplevingar og relasjonane vedkommande har til foreldra. (George et al., 1985).

AAI kan kodast på ulike måtar. Ved bruk av den originale kodingsprotokollen (Main & Goldwyn, 1994), kan ein klassifisere intervjuobjektet sin vaksne tilknytingsstil i relasjonen til sine eigne foreldre. Ein kodingsprotokoll som er meir relevant for problemstillinga i denne oppgåva, er “Reflective Function Scale” (RFS; Fonagy et al., 1998; Slade et al., 2005). Ved å kode svara frå AAI på denne skalaen (metoden omtalast som AAI-RF), får ein eit mål på intervjuobjektets “reflective function” (RF; Fonagy et al., 2002, s. 3; Fonagy et al., 1998).

RF omfattar dei underliggende mentale evnene som genererer mentalisering (Fonagy et al., 2002, s. 3; Fonagy et al., 1998). Her ser ein på kor vidt intervjuobjektet er medviten karakteristikkar ved mentale tilstandar (t.d. at dei er ugjennomsiktige), gjer eksplisitte forsøk på å identifisere mentale tilstandar som ligg bak åtferd, anerkjenner utviklingsaspekt ved mentale tilstandar (som å skilje mellom tenkinga til ein ung og ein gamal person), og anerkjenner mentale tilstandar i interaksjon med intervjuaren (Fonagy et al., 1998).

Kva mentaliseringsdimensjonar ein måler. Ved å nytte Fonagy og Luyten (2009) sine mentaliseringsdimensjonar, kan ein få nærmare innsikt i kva aspekt ved mentalisering som blir målt ved bruk av denne metoden. Sidan dette intervjuet inneber at omsorgspersonen eksplisitt blir beden om å reflektere rundt mentale tilstandar hos foreldra og hos seg sjølv, kan det seiast å vere meir eit mål på eksplisitt-kontrollert mentalisering enn implisitt-automatisk mentalisering. Intervjuet inneheld mange spørsmål som “krev” at ein reflekterer rundt mentale tilstandar. Samstundes er der òg nokre spørsmål som heller gjev moglegheit for å kome med slike refleksjonar. Det er tenkt at personar med høg RF spontant vil tenkje i form av psykologiske forklaringar, sjølv når det ikkje blir “kravd” av dei (Fonagy et al., 1998).

Ved å sjå på slike spontane mentalistiske forklaringar, kan ein til ei viss grad få informasjon om vedkommande sin implisitt-automatiske mentalisering òg.

Vidare legg intervjuet opp til at intervjuobjektet reflekterer rundt indre trekk ved seg sjølv og andre, i form av mentale tilstandar og intensjonar som ligg bak åtferd hos seg sjølv og hos foreldra. Dette vil naturleg nok vere tett samanvevd med ytre trekk (t.d. åtferd), men i denne målemetoden er ein særleg interessert i korleis intervjuobjektet tolkar dei indre tilstandane som ligg bak den synlege åtferda. Døme på dette, er spørsmål som: “Kvifor trur du at foreldra dine oppførde seg som dei gjorde i barndommen din?” og: “Korleis trur du at barndomsopplevingane dine med foreldra har påverka din vaksne personlegdom?”

På neste dimensjon kan det argumenterast for at AAI-RF inneber både kognitiv og affektiv mentalisering. Intervjuobjektet fortel både om kva vedkommande sjølv tenkjer og føler om ulike hendingar, og kva vedkommande trur og føler angående foreldra si åtferd. I tillegg involverer AAI-RF mentalisering om både intervjuobjektet sjølv og om andre. Spesielt for denne metoden, er at “andre” i denne samanhengen hovudsakleg er intervjuobjektet sine foreldre.

Når ein nyttar AAI-RF, måler ein mentaliseringsevne generelt, og ikkje foreldrementalisering spesielt. Det blir likevel antatt at mentaliseringsevnene omsorgspersonen viser her, seier noko om korleis vedkommande mentaliserer barnet sitt. Likevel har andre intervju blitt utvikla for å måle foreldrementalisering meir spesifikt for den noverande relasjonen omsorgspersonen har til barnet sitt (Slade, 2005).

Kva har ein funne gjennom denne metoden?

Mentalisering og tilknytning. Studiar som nyttar AAI-RF ser ofte på korleis foreldre sin generelle RF er relatert til barnets tilknytingsmønster. Her vil det derfor fokuserast på RF hos foreldre si tyding for tilknytning hos barnet.

Fonagy med kolleger (1991b) utførde AAI på 100 førstegongsmødrer og 100 førstegongsfedrer, og koda responsane ved bruk av RF-skalaen. Dei fann ein signifikant korrelasjon mellom RF hos foreldre om eigne tilknytingsrelasjonar, målt prenatalt, og barnets tilknytingsklassifisering målt gjennom Framandsituasjonen ved eitt år. Forfattarane tolka dette som at foreldre sin RF inngår i forklaringa på korleis tilknytning overførast mellom generasjonar. Funna er seinare blitt replikert og utvida av Ensink, Normandin med kolleger (2016). Dei fann at foreldre sin tilknytingsstil kunne predikere både trygg, utrygg og desorganisert tilknytingsstil hos barnet.

Mentalisering og foreldreåtferd. Vidare fann Ensink, Normandin, et al. (2016) at koplinga mellom RF hos mor og tilknytingsstilen til barnet var mediert gjennom negativ foreldreåtferd. Høg prenatal RF hos mor var forbunde med mindre negativ åtferd (fråkopla åtferd og svært insensitiv åtferd). Denne foreldrestilen var igjen forbunde med meir organisert og trygg tilknytning hos barnet.

Forfattarane forklarar funna ved at høgare RF inneber større medvit rundt egne kjensler og større evne til å sjå seg sjølv utanfrå, til dømes gjennom barnets auge. Dette kan gjere at mødrer med høg RF i større grad evnar å filtrere negative affektar, og dermed negativ foreldreåtferd. I tillegg inneber RF medvit om at kjensler er forbigåande og kan regulerast. Denne kunnskapen kan gjere det lettare å tolerere vanskelege kjensler, noko som òg kan vere ei forklaring på kvifor mødrer med høg RF viser mindre negativ foreldreåtferd. Negativ foreldreåtferd, som påtrengande, aggressiv eller tilbaketrekt åtferd, kan hindre ein trygg og organisert tilknytingsrelasjon (Ensink, Normandin, et al., 2016). Det gjev derfor meining at høgare RF påverkar tilknytingsorganiseringa til barnet, via mindre negativ foreldreåtferd.

Mentalisering og mental organisering. Det finst òg støtte for at det er den mentale organiseringa av omsorgspersonen si fortid, og ikkje fortida i seg sjølv, som er viktig. Berthelot et al. (2015) undersøkte RF hos mødrer som hadde opplevd tap eller traume i barndommen. Her blei RF-skalaen nytta både til å kode generell RF og RF angående traumet (sistnemnde blei gjort ved spesifikt å kode responsar på AAI kor traumet blei tematisert). Når barnet var blitt 17 månader, blei Framandsituasjonen gjennomført. Denne prosedyren viste at nesten halvparten av barna hadde ein desorganisert tilknytingsstil (n=25, 44%).

Dei fann at både ubearbeidd traume hos mor og mors RF angående traumet bidrog signifikant til å forklare variansen i desorganisert tilknytning hos barna. Funna indikerte at det var RF om traumet, og ikkje generell RF om egne tilknytingsrelasjonar, som predikerte desorganisert tilknytning hos barnet. Dette kan peike mot at mødrer med høgare RF i større grad er medvitne korleis dei er prega av fortida si og evnar å mentalisere rundt dei traumatiske opplevingane sine. Dette kan bidra til større grad av avklaring kring kva emosjonelle reaksjonar som høyrer til her og no, og kva som er meir prega av tidlegare erfaringar. Ein konsekvens av eit slikt medvit, kan vere at desse mødrene er betre i stand til å romme barnet sitt i situasjonar med høg emosjonell temperatur utan å byte over til ikkje-mentaliserande/pre-mentaliserande modi. Funn som dette belyser kva betydning spesifikke aspekt ved RF (som her: RF om traume) hos omsorgsgjevar kan ha for barnet si utvikling.

Tydinga av at foreldre har velorganiserte representasjonar av eigne tilknyttingserfaringar, blir vidare støtta i ein studie av Suchman et al. (2010). Dei fann indikasjonar om at omsorgsgjevar si mentalisering av seg sjølv har større betydning for kvalitet på omsorgsgjevinga enn omsorgsgjevar si mentalisering av barnet. Kvalitet på omsorgsgjeving var her målt som umiddelbare responsar på ulike teikn frå barnet (t.d. smil, vokaliseringar, utforsking). Samstundes bør det nemnast at utvalet i denne studien bestod av mødrer som var i behandling for rusmisbruk, og deira barn. Dette gjev avgrensa moglegheiter når det gjeld å generalisere funnet. Studien kan likevel gje frampeik om mekanismar involverte i foreldrementalisering. Den antydar at sjølvmentalisering kan vere ein viktig føresetnad for foreldreåtfærd, og at dette særleg kan vere tilfellet når omsorgspersonen strevar med eigen emosjonell bagasje.

Oppsummering av funn. Som nemnd tidlegare, gjev AAI-RF berre avgrensa informasjon om aspekt ved foreldrementalisering. Nærmare bestemt er det hovudsakleg intervjuobjektet si eksplisitt-kontrollerte mentalisering om eigne tilknyttingserfaringar, ein målar her. Forskinga gjev likevel nokre indikasjonar om kva betydning denne mentaliseringsformen har: Gjennom mental organisering av eigne tilknytingsrelasjonar vil truleg omsorgspersonen sine tidlegare erfaringar spele ei mindre rolle i samspelet med barnet. Når omsorgspersonen har eit meir avklart, medvite og balansert forhold til tidlegare erfaringar, blir det lettare å forholde seg ryddig, sensitivt og responderande til barnet sitt, sjølv når ein blir trigga på “ømme punkt”.

Når barnet opplever å bli møtt på ein føreseieleg og mentaliserande måte, kan dette fremje trygg, organisert tilknytning til omsorgsgjevar. Motsett kan ein uføreseieleg, insensitiv og lite responderande foreldrestil gjere barnet mindre trygt og organisert tilknytt. Dette kan vidare kome til uttrykk på andre måtar når barnet etter kvart blir eldre, til dømes som eksteraliserande åtfærd i skulealder (Dejko-Wańczyk et al., 2020).

Samstundes kom det fram i ein studie av Ensink et al. (2019) at AAI-RF hos omsorgsgjevar verken var ein signifikant prediktor for insensitiv foreldrestil eller barnet sin tilknytingsstil, Det såg derimot ut til å vere foreldrementalisering om barnet som hadde tyding for desse variablane. Forfattarane ser dette som eit teikn på at AAI-RF kan vere viktig generelt i alle tilknytingsrelasjonar, medan foreldrementalisering av barnet har særleg tyding for kvaliteten på omsorgsgjevar-barn-relasjonen. Med bakgrunn i dette, er det naturleg å utforske metodar og studiar med fokus på foreldre si mentalisering om barnet i den pågåande omsorgsdyaden.

Representasjonar av relasjonen til barnet: PDI-RF

Metoden. Parent Development Interview (PDI; Aber et al., 1985; PDI-R, Slade et al., 2004) er utvikla for å måle omsorgsgjevares representasjonar av barnet sitt, av omsorgsgjeverbarn-relasjonen og av seg sjølv som forelder. Dette semistrukturerte intervjuet inneheld 45 spørsmål og tek ca. 90 minutt å administrere. Fleire av spørsmåla liknar spørsmål frå AAI, men er her tilpassa den spesifikke, pågåande foreldre-barn-relasjonen for å få tilgang på *Parental Reflective Function* (PRF; Slade, 2005). Intervjuobjektet blir mellom anna spurd om å skildre barnet sitt med fem adjektiv, om styrkar og svakheiter ved seg sjølv som omsorgsgjever, og om tankar og kjensler rundt separasjonar frå barnet (Slade et al., 2005).

For å kode PDI, kan ein tilpassa versjon av RFS nyttast (Slade et al., 2004; Slade et al., 2005). Ein måler dermed det same som AAI-RF (metakognisjonar om mentale tilstandar), men i ein annan kontekst (i relasjonen til eigne barn). PDI-RF vil dermed måle dei same mentaliseringsdimensjonane som AAI-RF. Skilnaden er at på dimensjonen “mentalisering om sjølv versus andre”, er det barnet som er “andre” i denne samanhengen. PDI-RF har vist seg å ha gode psykometriske eigenskapar (Sleed et al., 2020).

Kva har ein funne gjennom denne metoden?

Foreldrementalisering og tilknytning. Gjennom studiar kor dette målet er nytta, har ein funne at PRF hos mødrer er assosiert med trygg tilknytning hos barnet målt gjennom Strange situation ved 14-/16-månaders alder (Slade et al., 2005; Stacks et al., 2014). Slade med kolleger (2005) sine innleiande funn indikerer at PRF er signifikant assosiert med både tilknytingsklassifisering hos høvesvis omsorgspersonen sjølv og hos barnet. Dette peikar mot at evne til å eksplisitt kunne mentalisere om seg sjølv, barnet og omsorgsrelasjonen, er ein relevant føresetnad for utfall hos barnet.

Foreldrementalisering og foreldreåtferd. På same måte som med AAI-studiane om RF nemnd tidlegare, kan det sjå ut til at koplinga mellom PRF og barnets tilknytning blir mediert av foreldra si åtferd. Både negativ og sensitiv foreldreåtferd ser ut til å fungere som mediatorar. Her er negativ foreldreåtferd operasjonalisert som forstyrra affektiv kommunikasjon (Kelly et al., 2005), uttrykk for negativitet mot barnet, bruk av negative kjensleuttrykk til å avgrense barnet og overkontrollerande/påtrengande åtferd mot barnet (Stacks et al., 2014). Sensitiv foreldreåtferd inneber responsivitet til barnets signal, og inntoning og empati for barnets subjektive oppleving (Stacks et al., 2014). Kort sagt peikar

dette mot at foreldre med betre mentaliseringsevner har høgare sannsyn for å behandle barnet sitt som ein mental agent gjennom åtferda si, og at dette har gunstig verknad på barnets tilknytingsstil.

Foreldrementalisering og vanskar hos barnet. Fleire studiar indikerer at PRF kan vere relatert til kor vidt barn utviklar eksternaliserande og internaliserande vanskar. Ensink (Ensink, Bégin, et al., 2016; Ensink et al., 2017) fann dette funne både i “normale” omsorgsdyadar og i omsorgsdyadar med barn som hadde opplevd seksuelt overgrep. Her kom det mellom anna fram at det seksuelle overgrepet si tyding for om barnet opplevde internaliserande eller eksternaliserande vanskar ikkje lenger var signifikant når foreldrementalisering òg blei teke i betraktning (Ensink et al., 2017). Dette liknar på funna nemnd under AAI-RF, kor det ikkje var traume i seg sjølv, men mental organisering om traumet som hadde betydning. I denne samanhengen kan det tenkast at mentaliserande foreldre hjelper barna meir med sine mentale organiseringar av det dei har opplevd.

Ifølgje det teoretiske rammeverket nemnd tidlegare, påverkar foreldrementalisering barnet si seinare åtferd gjennom å fremje barnets evner til å regulere og forstå indre tilstandar. Dette finst det støtte for i studiar av spedbarn (Wong et al., 2017), småbarn (Jessee, 2020) og skulebarn (Ensink, Bégin et al., 2016). Samstundes gjev ikkje desse studiane innsikt i kva mekanismar som er involverte i at PRF påverkar barnet sine mentaliserande evner. Korleis desse foreldra har svart på intervjuet som er nytta (PDI), fortel oss noko om dei mentale representasjonane deira og evne til å mentalisere eksplisitt og kontrollert, men ikkje korleis mentaliseringsevnene kjem til uttrykk i praksis.

I tillegg er det ikkje alle studiar som viser at PRF utelukkande har gunstig verknad i samband med eksternaliserande og internaliserande vanskar. Benbassat og Priel (2012) fann at foreldrementalisering var *positivt* assosiert med internaliserande vanskar hos ungdom. Foreldrementalisering var òg negativt assosiert med sjølvbilete hos ungdommane. Dette kan kome av at foreldre som er meir medvitne indre tilstandar hos seg sjølv og andre, fremjar eit slikt medvit hos barna sine òg. Dette kan vere positivt i form av at ungdommane oppnår meir nøyaktig sjølvkunnskap, men det kan òg gjere at ein blir meir medviten negative tankar, kjensler og sider ved seg sjølv. Dette har blitt kalla “sjølvabsorberingsparadokset” (Trapnell & Campbell, 1999).

Ein studie som vidare nyanserer koplinga mellom foreldrementalisering og vanskar hos barn, blei utført av Smaling et al. (2016). Her blei postnatal foreldrementalisering inndelt i tre dimensjonar: Sjølvfokusert, barnefokusert og relasjonsfokusert mentalisering. Som

forventa, var relasjonsfokusert foreldrementalisering hos omsorgsgjevar negativt assosiert med fysisk aggresjon hos barnet (20 månadar gamle spedbarn). Eit meir overraskande funn, var at høgare sjølvfokusert mentalisering hos omsorgsgjevar var assosiert med *meir* eksternaliserande åtferd og negativ emosjonalitet hos barnet. Dette verkar kontraintuitivt med tanke på at sjølvmentalisering tidlegare har vist ein positiv assosiasjon med omsorgskvalitet (et al., 2010).

Samstundes må utvala takast i betraktning: I Suchman et al. sin studie deltok rusavhengige mødrer. Det kan derfor hende at at sjølvmentalisering er viktigare for mødrer som er vande med å nytte rusmiddel for emosjonsregulering, for å kunne fungere godt i lag med barnet sitt (Suchman et al., 2010). Det kan òg ha tyding at Suchman et al. studerte foreldrementalisering i form av to dimensjonar (sjølv versus barnet), medan Smaling et al. (2016) nytta tre (sjølv, relasjon og barn). Med fleire dimensjonar kan ein oppnå eit meir nyansert innblikk i involverte mekanismar.

Smaling et al. (2016) sine funn kan truleg òg relaterast til sjølvabsorberingsparadokset (Trapnell & Campbell, 1999). Det finst støtte for denne antakinga i Suchman et al. (2010), kor sjølvmentalisering hos omsorgsgjevar var signifikant assosiert med omsorgsgjevares grad av depressive symptom. Det kan dermed hende at omsorgsgjevarar som nyttar meir sjølvfokusert mentalisering er meir opptekne av eigne indre tilstandar enn av barnet og omsorgsrelasjonen. Når omsorgspersonen bruker krefter på å regulere seg sjølv, står det att mindre kapasitet og tolmod til å møte barnet sine emosjonsuttrykk (Smaling et al., 2016).

Eit interessant punkt er at verken Smaling et al. (2016) eller Suchman et al. (2010) fann betydningsfulle assosiasjonar mellom *barnefokusert* foreldrementalisering og omsorgskvalitet eller åtferd hos barnet. Det er vanskeleg å foreine dette funnet med dei teoretiske rammeverka som vektlegg betydningen av at omsorgsgjevar behandlar barnet som ein mental agent. Samstundes må ein ta målemetoden i betraktning. I desse studiane er det hovudsakleg eksplisitt-kontrollert mentalisering av barnet som er blitt målt, gjennom intervju. Det kan dermed hende at implisitt-automatisk mentalisering av barnet, som går føre seg i praksis med barnet, har større tyding.

Oppsummering av funn. Med utgangspunkt i studiane nemnd over, ser det ut til at omsorgsgjevar sine mentale representasjonar om barnet, omsorgsrelasjonen og seg sjølv som omsorgsgjevar, påverkar barnet gjennom foreldreåtferd og haldningar. PRF kan òg sjå ut til å verke vernande for barn som har hatt traumatiske opplevingar, noko som gjev viktige kliniske implikasjonar.

Det kan det tenkast at mødrer med betre mentaliseringsevner (her: PRF) har betre sjølvreguleringsevner og betre kapasitet til å romme barnet sitt, i tillegg til å vere opptekne av barnet sitt indre liv. Dette kan bidra til at dei viser meir sensitivitet og mindre negativ foreldreåtfærd med barna sine. At barnet blir møtt på ein slik måte, kan fremje barnets oppleving av å vere ein mental agent. Dette kan bidra til å støtte barnets mentaliseringsevner. Gode mentaliseringsevner hos barnet kan vidare vere gunstig for barnet si emosjonsregulering. Dette kan verke vernande mot både internaliserande og eksteraliserande åtfærd.

Samstundes kan betre mentaliseringsevner auke risiko for internaliserande vanskar, truleg gjennom meir sjølvabsorbering og auka medvit om negative tankar og kjensler. Hos barnet kan dette på sikt bidra til lågare sjølvbilete, truleg spesielt i ungdomstida når sjølvmedvitet aukar. Hos omsorgsgjevarar kan høgare grad av sjølvmentalising auke risikoen for sjølvabsorbering og gjere det vanskeleg å vere ein tilstadeverande og responderande omsorgsgjevarar.

Det trengst meir forskning om *korleis* PRF påverkar utfall hos barnet. Når ein måler omsorgsgjevarar sine mentaliseringsevner gjennom intervju, får ein generell informasjon om omsorgsgjevaren sine mentale representasjonar uttrykt eksplisitt og verbalt. Dette gjev lite informasjon om korleis omsorgsgjevaren oppfører seg “online” i samspel med barnet.

Representasjonar av negative emosjonar hos seg sjølv og barnet: MEI

Metoden. For å måle Gottman et al. (1996) sitt PMEP-omgrep, har det blitt utvikla eit intervju kalla Meta-emotion Interview (MEI; Katz & Gottman, 1986). I tråd med teorien bak dette omgrepet, som blei skildra tidlegare i oppgåva, er det omsorgsgjevarar sine haldningar til negative emosjonar som blir fokuserte på her.

I intervjuet blir foreldre spurde om eigne opplevingar av tristheit, frykt og sinne, filosofi angående emosjonsuttrykk og -kontroll, samt haldningar og åtfærd om barnet sine emosjonar i form av tristheit, frykt og sinne (Gottman et al., 1996; Katz & Windecker-Nelson, 2004). Det blir gjort lydopptak av intervjuet, og responsane blir koda gjennom “meta-emotion coding system”. Ein kodar responsar angående emosjonane sinne, tristheit og frykt på tre dimensjonar: Omsorgsgjevares medvit om eigen emosjon, omsorgsgjevares medvit om barnets emosjon, og omsorgsgjevares rettleiing av barnets emosjon. Det er tenkt at resultatet - kva meta-emosjonsfilosofi foreldre har - har betydning for psykososiale utfall hos barnet (Gottman et al., 1996). Det er vanleg å nytte MEI saman med supplerande metodar, for å få eit grundig mål på PMEP hos foreldra.

Kva mentaliseringsdimensjonar ein måler. Tidlegare i oppgåva blei det gjennomgått kva mentaliseringsdimensjonar som inngår i PMEP-omgrepet. Når ein måler PMEP gjennom dette intervjuet, er det dei same mentaliseringsdimensjonane som blir målte her. Samstundes vil noko av det implisitt-automatiske aspektet som elles inngår i PMEP i praktiske samspelesituasjonar, vere vanskeleg å få tak på gjennom intervjuformatet.

Kva har ein funne gjennom denne metoden?

Meta-emosjonsfilosofi og utviklingsområde hos barnet. Foreldre sin meta-emosjonsfilosofi (PMEP) ser ut til å ha samanheng med både psykososial fungering hos barnet og barnet sine relasjonar til jamaldringar (Katz et al., 2012). I ein longitudinell studie som følgde barn frå 5- til 8-årsalder, blei foreldra sin meta-emosjonsfilosofi kopla til både skuleprestasjonar, relasjonar til jamaldringar, evne til emosjonsregulering og sjukdom hos barnet (Gottman et al., 1996). PMEP sin assosiasjon med psykososiale utfall, er òg funne hos førskulebarn (Katz & Windecker-Nelson, 2004), ungdom (Katz & Hunter, 2007; Shortt et al., 2010) og adopterte barn (Merchant et al., 2019).

Meta-emosjonsfilosofi og foreldreåtfærd. Funna til Gottman et al. (1996) gav støtte for ein modell kor PMEP påverkar utfall hos barnet på to måtar: Gjennom foreldreåtfærd (mindre nedsetjande åtfærd og meir “scaffold-praising”) og gjennom å påverke fysiologiske faktorar ved barnet (“vagal tone”) som igjen påverka barnets evne til emosjonsregulering.

Funna over peikar mot at foreldre som er meir medvitne emosjonar av låg intensitet hos seg sjølv og barnet, og som ser barnets negative emosjonar som ei moglegheit for intimitet eller læring, har mindre sannsyn for å nytte foreldreåtfærd prega av påtrenging, kritikk og uthenging (nedsetjande åtfærd; “derogatory parenting”), samt større sannsyn for ein foreldrestil prega av positiv strukturering, entusiasme og responsivitet (“scaffold praising”). Dette kan kome av at slike foreldre i mindre grad ser på negative emosjonar som trugande, og evnar å halde seg i ein mentaliserande modus i møte med desse emosjonane hos barnet. Då blir det lettare å validere kjenslene til barna gjennom nyfikke og forståing.

Å bli møtt av omsorgspersonen på denne måten, kan fremje barnets emosjonelle kompetanse (Katz et al., 2012; Cunningham, Kliwer & Garner, 2009). Dette kan få gunstige uttrykk gjennom prestasjon på skulen, åtfærd og relasjonar til jamaldringar. Samstundes kan det òg vere at faktorar som foreldres kjønn, temperament hos barnet eller barnets kjønn er med på å mediere eller moderere effekten av PMEP, så her trengst meir forskning (Katz et al.,

2012). I studien til Cunningham, et al. (2009) kom det til dømes fram at meta-emosjonsfilosofi hos omsorgsgjevar kunne påverke gutar og jenter ulikt. Dette vil det vere gunstig med meir forskning om.

Meta-emosjonsfilosofi og psykisk helse hos barnet. PMEP si tyding har òg blitt studert i kliniske utval. Hurrell et al. (2017) fann at i familiar kor barnet/ungdommen hadde ei angstliding, skåra foreldra lågare på PMEP enn i familiar utan angstliding hos barnet. Vidare fann dei at barna med angstliding hadde signifikant større vanskar med å regulere emosjonane sine samanlikna med barna utan angstliding. Sjølv om slike korrelasjonar ikkje gjev svar om kausalitet, kan dei gje ein peikepinn på korleis emosjonsmedvit og -coaching kan bidra vernande for barnets psykiske helse.

Meta-emosjonsfilosofi og emosjonsstrategi hos barnet. I tillegg til dei positive verknadane nemnd over, finst det døme på at PMEP bidreg til at barn i større grad nyttar adaptive strategiar i møte med belastande omstender (Katz et al., 2008; Cunningham et al., 2009). Dette kan tolkast som at desse barna har lært seg gunstige måtar å møte vanskelege situasjonar som vekkar vanskelege kjensler, på. Det kan peike mot betydninga av at foreldra eksplisitt rettleier barnet i møte med negative emosjonar og diskuterer korleis situasjonen som fører til kjensla oppstod og korleis dette kan møtast i framtida. Ein skal likevel vere varsam med å trekke ut for mykje informasjon om korleis foreldra er i praksis, ut frå korleis dei svarer på intervju. Nokre studiar (som Gottman et al., 1996) har likevel nytta observasjon av samspel i tillegg til meta-emosjonsintervjuet, noko som gjev meir utfyllande informasjon om korleis foreldra nyttar ein rettleiande filosofi i praksis.

Meta-emosjonsfilosofi og sosiale relasjonar hos barnet. Samstundes kan det sjå ut til at høgare skåre på PMEP ikkje berre bidreg positivt for barnet. Gottman et al. (1996) fann at auka medvit kring eigne og barnets lågintensitetsemosjonar var negativt assosiert med skåre på relasjonar med jamaldringar for barnet (målt i form av aggresjon, antisosialitet og negativt samvær). Forfattarane føreslår at dette kan handle om at auka medvit rundt emosjonar bidreg til auka uttrykk av emosjonar. Dei nemner òg ei anna moglegheit: At foreldre blir meir medvitne emosjonar hos barnet dersom dei har barn som i større grad uttrykker negative emosjonar. Ei tredje moglegheit kan sjåast i samband med sjølvabsorberingsparadokset nemnd tidlegare: At barna blir meir medvitne eigne indre tilstandar og dermed mindre til stades i det som føregår “der ute”. Dette kan gjere det vanskelegare å fungere godt i

relasjonar med jamaldringar, sidan dette krev tilstadevering og ei viss synleg interesse for dei andre.

Oppsummering av funn. Gjennom studiar som måler foreldre sin meta-emosjonsfilosofi gjennom intervju, kan ein få ei meir spesifikk forståing av korleis foreldrementalisering kan fremje barnets utvikling. Her får ein særleg innblikk i mentalisering om emosjonar. Det å vere medviten negative emosjonar av låg intensitet hos seg sjølv og barnet sitt, i tillegg til å sjå barnets emosjonar som ei moglegheit for læring eller intimitet, og å eksplisitt rettleie barnet i møte med negative emosjonar, verkar å ha hovudsakleg gunstig effekt på barnet si utvikling innan fleire område.

Representasjonar om barnet: MM-offline

Metoden. Ei meir open form for intervju er nytta i fleire studiar av Meins med kollegaer for å måle omsorgsgjevarar "mind-mindedness" (Meins et al., 1998; Meins & Fernyhough, 1999). Her får omsorgsgjevarar spørsmålet: "Kan du skildre [barnets namn] for meg?" Det blir ikkje lagt nokon føring for korleis ein skal svare. Intervjuet blir teke opp som lyd og transkribert ordrett. Kodinga fokuserer på dei gongane mor nemner eigenskapar ved barnet. Desse eigenskapane blir plasserte i ein av følgjande kategoriar: Mental (omhandlar barnets indre liv, som ønskjer og fantasi), åtferd (t.d. leikar og aktivitetar som barnet liker), fysisk (t.d. skildring av utsjånad, alder) og generelt (eigenskapar som ikkje passar i nokon av dei tre andre) (Meins et al., 1998). Det er tenkt at omsorgsgjevarar med høg MM i større grad vil skildre barnet sitt gjennom mentale eigenskapar, i tråd med at slike omsorgsgjevarar ser barnet som ein mental agent.

Kva mentaliseringsdimensjonar ein måler. Når ein nyttar denne metoden, kor omsorgsgjevarar utelukkande skal skildre barnet, er det først og fremst mentalisering om andre (barnet) ein får eit mål på. Det ein er interessert i når ein nyttar dette intervjuet, er kor vidt omsorgsgjevarar mentaliserer barnet basert på barnet sine indre versus ytre trekk. Gjennom denne metoden får ein dermed informasjon om mentalisering basert på både indre og ytre trekk. Samstundes finst der ei underliggende antaking om at meir mentaliserande foreldre i større grad vil mentalisere om indre trekk. Kor vidt MM-intervjuet vektlegg mest kognitiv eller affektiv mentalisering, er vanskeleg å seie. Truleg ligg både kognitiv og affektiv mentalisering til grunn for det intervjuobjektet seier om barnet.

Spørsmålet i dette intervjuet kan bidra til å setje i gang refleksjonsprosessar hos intervjuobjektet, og intervjuobjektet deler desse refleksjonane på eksplisitt, verbalt vis. På grunn av dette, er det hovudsakleg eksplisitt-kontrollert mentalisering ein får kunnskap om. Samstundes er spørsmålet “kan du skildre barnet ditt for meg?” ope og legg ikkje opp til nokon bestemt måte å svare på. Dermed gir denne metoden til ei viss grad informasjon om implisitt-automatisk mentalisering, gjennom kor vidt intervjuobjektet spontant viser seg å vere oppteken av indre tilstandar.

MM-intervjuet gjev derimot ikkje reliabel kunnskap om kor vidt omsorgsgjevar si mentaliseringsevne kjem til uttrykk i samspel med barnet. Metoden blir derfor kalla ein “offline” målemetode (Sharp & Fonagy, 2008). For å få kunne vurdere omsorgsgjevar si mentaliseringsevne “i aksjon”, er det òg blitt utvikla ein “online” måte å måle MM på. Ofte blir offline-metoden nytta på førskulebarn, medan online-metoden takast i bruk med spedbarn under eitt-årsalder (McMahon & Bernier, 2017). Online-metoden vil bli skildra seinare i oppgåva.

Kva har ein funne gjennom denne metoden?

Mind-mindedness og barnets kognitive mentaliseringsevner. Fleire studiar kor MM-offline er nytta som målemetode, har sett på omsorgsgjevares MM i samband med barnet si utvikling av (føresetnadar for) mentaliseringsevner, som Theory of Mind (ToM). Theory of Mind kan kort forklarast som at barnet evnar å forstå at det sjølv og andre har mentale tilstandar (Premack & Woodruff, 1978; Baron-Cohen et al., 1985). Det kan dermast kategoriserast som barnets evne til kognitiv mentalisering. Sidan ToM ofte utviklast rundt i førskulealder, har dei fleste studiane nytta førskulebarn.

Fleire studiar har funne støtte for at foreldre som i stor grad evnar å skildre barnet sitt i mentalistiske termar, har barn med betre utvikla ToM (Meins & Fernyhough, 1999; Lundy, 2013). Dette er òg funne i eit klinisk utval (Schacht et al., 2013). I ein studie av Hughes et al. (2018) blei det gjort ei samanlikning av utval frå Hong Kong og Storbritannia angående foreldres MM, målt offline, og ToM-evne hos deira 3-5 år gamle barn. Dei fann at i begge kulturane var foreldras MM signifikant relatert til barnets prestasjon på ToM-oppgåver.

Samstundes fann dei nokre interessante skilnadar mellom utvala: Foreldra frå Hong Kong hadde lågare sannsyn for å skildre barna sine i mentalistiske termar enn foreldra frå Storbritannia. Barna frå Hong Kong viste forseinking i ToM-evner samanlikna med barna frå Storbritannia. Forfattarane fann vidare at gruppeskilnaden i MM hos foreldra kunne forklare

gruppeskilnaden i ToM-prestasjon hos barna. Skilnadar mellom gruppene når det galdt utdanningsnivå, kunne ikkje forklare denne samanhengen (Hughes et al., 2018).

Denne studien støttar antakinga om at det å sjå barnet som ein mental, intensjonell agent, bidreg til at barnet sjølv blir medviten indre tilstandar som fenomen. Samstundes gjev ikkje denne metoden informasjon om *korleis* det å sjå på barnet som ein mental, intensjonell agent påverkar barnet. Det er lite truleg at det er nok i seg sjølv at omsorgsgjevar har desse representasjonane, og at dei svarer gjennom mentalt fokuserte utsegn på eit intervju. Det kan likevel peike mot at det å ha slike representasjonar, aukar sannsynet for at ein òg behandlar barnet som ein intensjonell agent.

Funna til Hughes et al. (2018) kan gje indikasjonar om korleis foreldrementalisering har ulik betydning i ulike kulturar. Studien kan tolkast som at foreldre i meir individorienterte, vestlege kulturar i større grad vektlegg barnet som eit eige individ med eigne indre tilstandar. Dette kan gjere at dei skårer høgare på mål på foreldrementalisering. Då kan ein òg tenke at menneske i meir kollektivistiske kulturar er mindre opptekne av det individuelle. Kanskje prioriterer desse heller opplæring i sosiale normer og å tenke på fellesskapet framfor individet. Det trengst likevel meir forskning før ein kjem med generaliserande påstandar om mentaliseringsskilnadar mellom kulturar.

Blanda funn. Samstundes er det ikkje gjeve at foreldre som skildrar barnet gjennom mentale eigenskapar, behandlar barnet sitt som eit individ med sitt eige sinn. Fleire studiar har mislukkast i å replikere funnet om at MM-offline heng saman med barnets ToM (Meins et al., 2002; Meins et al., 2003; Dore & Lillard, 2014). Dette kan kome av metodologiske svakheiter i studiane. Ein annan moglegheit er at MM-offline ikkje i seg sjølv er essensielt for barnets ToM eller at MM-offline ikkje er eit godt mål på foreldra sin faktiske mind-mindedness. Det kan òg tenkast at MM-offline ikkje seier noko om korleis foreldra fungerer i situasjonar med høg emosjonell temperatur, då slike situasjonar har tendens til å redusere mentaliseringsevna (Fonagy & Bateman, 2008).

Basert på dette resonnementet, kan det tenkast at “mind-minded” representasjonar hos omsorgsgjevar heller påverkar barnet gjennom måten foreldra er på. Dette vil ein få betre tak på gjennom “online”-målemetodar, som vil bli skildra seinare.

Oppsummering av funn frå metodar kor ein måler foreldre sine representasjonar

I denne delen har det blitt fokusert på metodar som har nytta intervju for å få tilgang på omsorgsgjevar sine mentale representasjonar om eigne tilknytingsrelasjonar (AAI-RF), om

tilknytingsrelasjonen med barnet (PDI-RF), om negative emosjonar hos seg sjølv og barnet (PMEP/MEI) og om barnet som mental agent (MM-offline). Basert på studiar gjort med desse metodane, har det kome fram fleire relevante svar om korleis foreldrementalisering påverkar barnet.

Når det gjeld dimensjonar ved foreldrementalisering, er det hovudsakleg eksplisitt-kontrollert mentalisering som blir målt ved bruk av intervju. Det kan sjå ut til at foreldre som har gode eksplisitt-kontrollerte mentaliseringsevner, har høgare sannsyn for å nytte foreldreåtfærd som er gunstig for barnet si utvikling. Dette inneber mindre negativ foreldreåtfærd, meir sensitiv foreldreåtfærd, samt meir bruk av rettleiande strategiar i møte med emosjonar hos seg sjølv og barnet. Det kan sjå ut til at mentaliseringsevnene fremjar slik åtfærd hos foreldre gjennom betre mental organisering av tidlegare tilknytningserfaringar. For foreldre med belastande bakgrunnar, kan dette aspektet sjå ut til å vere særleg relevant. Samstundes ser verknaden av sjølvmentalisering hos omsorgsgjevarar ut til å vere noko blanda for omsorgsrelasjonen.

Når det gjeld korleis barnet blir påverka, verkar det som at foreldrementalisering fremjar mentalisering hos barnet i form av kognitiv og affektiv mentalisering (høvesvis emosjonsforståing og ToM) og emosjonsregulering. I tillegg ser foreldrementalisering ut til å påverke tilknytning hos barnet, sosial kompetanse, relasjonar med jamaldringar og kor vidt barnet utviklar eksternaliserande eller internaliserande vanskar. Det kan tenkast at barnets mentaliseringsevner fungerer som mediator mellom foreldrementalisering og andre utfall hos barnet.

Det har òg kome fram nokre uheldige verknadar av foreldrementalisering, i form av meir internaliserande vanskar hos ungdom, og dårlegare sosiale relasjonar med jamaldringar hos skuleborn. Det kan tenkast at begge desse utfalla er relatert til auka medvit om eigne indre tilstandar, noko som kan gjere at ein blir meir oppteken av desse enn av det som føregår rundt seg. Eit slikt medvit kan òg gjere at ein i større grad legg merke til emosjonar og derfor uttrykkjer dei oftare, noko som ikkje blir sett på som sosialt gunstig i alle situasjonar og aldersgrupper.

Måling av omsorgsgjevarar mentaliseringsuttrykk

I det følgjande vil det bli gjennomgått to målemetodar som hovudsakleg fokuserer på omsorgsgjevarar sine synlege uttrykk for mentalisering. Det blir følgd den same strukturen som over, med gjennomgang av metode, involverte mentaliseringsdimensjonar og studiar kor metodane er nytta. Til slutt kjem ei oppsummering av funn frå begge metodane.

Det kan argumenterast for at dersom omsorgsgjevars mentaliseringsevne skal kunne påverke barnet, må den på ein eller annan måte kome til uttrykk. Dette kan til dømes skje gjennom måten omsorgsgjevar snakkar med barnet sitt på, eller gjennom omsorgsgjevar sine kroppslege rørsler i samspel med barnet. Ein måte å studere dette på, er ved å *observere* samspelet mellom omsorgsgjevar og barn. Under slike observasjonar finst det ulike aspekt ein kan fokusere på.

Verbale uttrykk: MM-online

Metoden. Meins med kollegaer (2001) har utvikla ein metode for å undersøke kva verbale utsegn omsorgsgjevar kjem med i samspel med barnet. Dette skal gje eit mål på omsorgsgjevar sin MM, målt “online”. Metoden inneber observasjon av 20 minutt frileik mellom omsorgsgjevar (som regel mødrer) og deira 6 månader gamle spedbarn. Leikeøkta blir teke opp på video og koda.

Når ein kodar, er ein interessert i kommentarane mødrene kjem med om barnet sine indre tilstandar. Meir spesifikt studerer ein om slike kommentarar stemmer overeins med det som verkar å vere barnets faktiske indre tilstand (Meins et al., 2001). Kommentrarar som gjer det, kallast “passande indre tilstand-kommentarar”. I tillegg registrerer ein “non-attuned” kommentarar. Dette er kommentarar som ikkje passar med barnet sin trulege indre tilstand, og som dermed vitnar om at mor ikkje er inntona på barnet sitt indre liv. Det er funne at desse kommentar-kategoriane fungerer som uavhengige MM-dimensjonar (Meins & Fernyhough, 2012; Meins, 2013). Tal på slike kommentarar reknast ut som ein proporsjon av totale kommentarar mor kjem med.

Kva mentaliseringsdimensjonar ein måler. I kraft av å vere ein “online” metode kor ein får observert mor og barn i samspel, vil ein her få innsikt i omsorgsgjevar sine implisitt-automatiske mentaliseringsevner. Ein får sjå korleis mor spontant attribuerer ulikt mentalt innhald til barnet. I tillegg får ein informasjon om omsorgsgjevars mentalisering om andre (barnet), men ikkje i særleg grad om omsorgsgjevars evne til å mentalisere om seg sjølv. Sidan essensen i MM-omgrepet handlar om kor vidt omsorgsgjevar ser barnet som ein mental agent, er det indre trekk som gjev mest grunnlag for mentaliseringa. Som tidlegare argumentert, vil likevel ytre trekk kunne gje hint om desse indre trekka. Det kan vidare argumenterast for at denne metoden gjev meir informasjon om omsorgsgjevar si kognitive enn affektive mentalisering. Bakgrunnen for denne påstanden, er at kommentarane frå omsorgsgjevar kan gje hint om korleis vedkommande tolkar og forstår barnet sitt indre liv.

Kva har ein funne gjennom denne metoden?

Mind-mindedness og ToM. Som med offline-målet av mind-mindedness (MM), er det ofte ToM som blir studert hos barnet når ein nyttar MM-online. I denne delen vil det derfor handle om studiar som har undersøkt korleis foreldre sine kommentarar om barnets indre tilstandar, påverkar barnets evne til å forstå egne og andres mentale tilstandar.

Fleire studiar har funne indikasjonar om at mors passende kommentarar om barnets indre tilstandar (MM) målt i sped-/småbarnsalder predikerer seinare ToM hos barnet både på kort og lang sikt (Meins et al., 2002; Kirk et al., 2015; Laranjo et al., 2010). Det kan sjå ut til at dei ulike dimensjonane av MM påverkar barnet på ulike måtar. Meins et al. (2013) fann ei direkte kopling mellom “passande indre tilstand-kommentarar” og ToM. Dette kan peike mot at det å bli behandla som ein mental agent, gjennom at mor eksternaliserer barnets indre tilstandar verbalt og viser at ho forstår dei, fremjar barnets evne til å sjå seg sjølv, og etter kvart andre, som mentale agentar. Sjølv om denne korrelasjonen var signifikant, var den svak (Meins et al., 2013).

Meins et al. (2013) fann òg ei indirekte kopling mellom passende kommentarar om barnets indre tilstandar og ToM hos barnet, via barnet sine reseptive språkevner ved 4 år. I denne “pathway”-en var korrelasjonane litt sterkare og meir signifikante. At språkevner har betydning for ToM hos barnet har òg blitt funne andre stadar (Jenkins & Astington, 1996; Schick et al., 2007). Dette kan handle om at barna får lingvistiske representasjonar av usynlege, psykologiske fenomen (Tompkins et al., 2018). Sett slik, kan det sjåast som ei form for eksternalisering av indre tilstandar. Dette kan gjere det lettare å reflektere rundt tilstandane, noko som kan kome til uttrykk gjennom meir utvikla ToM hos barnet. Det kan dermed vere særleg relevant med reseptive språkevner, då det har relevans for at barnet forstår det semantiske innhaldet i dei lingvistiske representasjonane.

Den andre dimensjonen av MM, “non-attuned” kommentarar, var ikkje relatert til ToM hos barnet i Meins et al. (2013) sin studie. Samstundes såg det ut til at slike kommentarar kunne påverke ToM via barnets evne til å forstå ulike perspektiv under symbolsk leik. Høgare frekvens av ikkje-passande kommentarar om barnets indre tilstand var assosiert med lågare evne hos barnet til å forstå andre sine perspektiv i symbolleik. Det kan tenkjast at ikkje-passande kommentarar gjev barnet ei oppleving av å ikkje bli forstått. Barnet kan tolke denne opplevinga som at indre tilstandar ikkje gjev mening. Indre tilstandar kan då opplevast meir overveldande, noko som kan gjere det vanskeleg å forholde seg til dei både hos seg sjølv og hos andre. Dette kan svekke barnet sin kapasitet til, og motivasjon for, å vere

interessert i andre sine perspektiv, noko som kan kome til uttrykk i symbolleik. Når barnet ikkje får øvd seg på perspektivtaking i leiken, kan det hindre utvikling av avanserte ToM-evner.

MM i ulike kontekstar og barnets ToM. Det ser òg ut til at MM kan få ulik tyding i ulike kontekstar. Laranjo et al. (2010) målte MM hos mødrer både i ein leikesituasjon med barnet kor dei hadde tilgang på leikar og i ein leikesituasjon utan tilgang på leikar. Hos barnet målte dei ToM i form av barnets forståing av høvesvis diskrepante ønskje og visuelle perspektiv. Barnet var 12-13 månader gamalt. MM blei her berre målt i form av passande indre tilstand-kommentarar. Slike kommentarar målt i leikesituasjon *utan* leikar, var signifikant positivt korrelert med barnets forståing ved 2-årsalder av at ein kan ha diskrepante ønskjer. Mors passande mental tilstand-kommentarar målt i frileik *med* leikar, var signifikant positivt assosiert med barnets forståing av ulike visuelle perspektiv. Barnets språkevner var her kontrollert for.

Forfattarane hadde ei hypotese om at ulike kontekstar stimulerer til ulike typar mentale tilstandar og ulike typar kommentarar om mentale tilstandar. Dei fann derimot ikkje støtte for denne hypotesen. Ei anna mogleg forklaring er dermed at ulike kontekstar fremjar ulike ToM-evner: Frileik med leikar kan vere særleg gunstig for at barnet skal forstå kva mor ser og ikkje (visuelle perspektiv), medan utan leikar er ikkje barnet like distraherert og kan vere meir merksam på kommentarane mor kjem med om ulike ønskje (Laranjo et al., 2010). Denne studien gjev dermed eit nærmare innblikk i korleis bruk av mentaliserande kommentarar i ulike kontekstar fremjar ulike delar av ToM hos barnet.

Oppsummering av funn. Ved hjelp av studiar kor ein har målt omsorgsgjevar sine verbale mentaliseringsuttrykk i samspelssituasjonar med barnet, får ein innsikt i korleis implisitt-automatisk mentaliseringsevne påverkar barnet. Nærmare bestemt kan det sjå ut til at betre mentaliseringsevner hos foreldre, bidreg til at dei “treff” meir når dei spontant kommenterer på barnet sine indre tilstandar. Det finst indikasjonar om at dette kan påverke barnet sine eigne mentaliseringsevner via barnets evner knytt til språkforståing og perspektivtaking. Truleg finst det òg fleire medierande faktorar, som t.d. eksekutive funksjonar (Bernier et al., 2010). Til skilnad frå studiar nemnd tidlegare, kor representasjonane hos omsorgsgjevar blei målt offline, blir her mentalisering av andre (barnet) trekt fram som viktig for barnet si utvikling.

Kroppsleg uttrykk: PEM

Metoden. Målemetodane og operasjonaliseringane av foreldrementalisering nemnd så langt, har fokusert på verbale uttrykk for mentalisering, gjennom intervju eller i samspel med barnet. Som ein respons på denne tendensen, utvikla Shai og Belsky (2011) Parental Embodied Mentalizing (PEM). PEM målast ved at ein gjer videoopptak av 10 minutt med omsorgsgjevar-barn-interaksjon.

Når ein ser gjennom desse videosnuttane er ein hovudsakleg oppteken av kroppsørslar. Derfor fokuserer ein ikkje på blikk, verbal åtferd eller andletsuttrykk, og lyden på videosnuttane blir skrudd av. Ein identifiserer relevante interaksjonssekvensar (“Embodied circles of communication”; ECC). Desse inkluderer minst tre etterfølgjande, kroppsbaserte sekvensar av kinestetiske aksjonar og reaksjonar. Sekvensane blir koda for kvalitetar som tempo, rom, retning og muskeltensjon. Ein endar til slutt med ein global PEM-skåre. Kodingssystemet er blitt utarbeidd basert på danseteori og andre former for rørsleanalyse. Dette målet har vist gode psykometriske eigenskapar (Shai & Belsky, 2017).

Kva mentaliseringsdimensjonar ein måler. Ved å bruke denne metoden, får ein eit relativt reint mål på omsorgsgjevaren si implisitte-automatiske mentalisering. Når det gjeld dei andre mentaliseringsdimensjonane, visast det til avsnittet tidlegare i oppgåva, kor PEM-omgrepet blei plassert innanfor desse. Det blir her gått ut frå at ein gjennom denne metoden fangar opp alle mentaliseringsdimensjonane som PEM omfattar.

Kva har ein funne gjennom denne metoden? Sidan Parental embodied mentalizing (PEM) er eit relativt nytt omgrep (Shai & Belsky, 2011), finst det ikkje mange studiar som har sett på korleis denne forma for mentalisering påverkar barnets utvikling. Her vil det derfor presenterast kva indikasjonar dei studiane som er gjort, kjem med.

Kroppsmentalisering og utviklingsområde hos barnet. I ein studie av Shai og Belsky (2017) finst det lovande funn om PEM sin påverknad på utfall hos barnet. Høgare PEM hos mødrer når barnet var 6 månadar gamalt, var signifikant assosiert med fleire utviklingsområde hos barnet: Høgare sannsyn for trygg tilknytning ved både 15 og 36 månader, mindre internaliserande og eksternaliserande åtferdsproblem, betre sosial kompetanse med jamaldringar, betre sosiale dugleikar, betre språkutvikling og betre akademiske evner ved 54 månader. I dei fleste tilfella var desse assosiasjonane signifikante sjølv etter å ha kontrollert for mors sensitivitet.

Kroppsmentaliserings si tyding. Denne studien peikar mot betydningen av at omsorgspersonen behandlar barnet sitt som ein psykologisk agent òg på eit kroppsleg, interaktivt nivå (Shai & Belsky, 2017). Forfattarane argumenterer for at dette nivået har særleg relevans, sidan preverbale spedbarn ikkje endå forstår innhaldet i mors mentaliserande verbale åtferd. Korleis mors kommunikative åtferd påverkar preverbale barn, har òg blitt demonstrert i andre studiar, til dømes betydningen av mors responsive andlet i møte med barnet (“still face”-eksperimentet; Tronick et al., 1978) og betydningen av at mors stemme høyrast samstundes som ein ser mor snakke (Aronson & Rosenbloom, 1971). Det kan vidare tenkast at kroppslege mentaliseringsuttrykk har særleg tyding for visse populasjonar, som t.d. høyrselshemma barn.

Shai og Belsky (2017) meiner òg at PEM seier noko om korleis foreldrementalisering er kopla til åtferd. Med tanke på kroppsspråk si tyding for oppfatting av emosjonar (De Gelder, 2006), gjev PEM eit fruktbart perspektiv på korleis eit kroppsleg mentaliseringsuttrykk påverkar barnet.

Kroppsmentalisering og andre mentaliseringsformer. Ein kan spørje seg kva som er relasjonen mellom PEM og mentalisering målt gjennom verbale metodar. Vil foreldre med gode verbale mentaliseringsevner òg vise god kroppsmentalisering eller er dette urelaterte dimensjonar? Undersøkingar som er gjort, gjev indikasjonar om at PEM har ein moderat positiv korrelasjon med både MM (online) og PRF målt gjennom PDI (Shai & Meins, 2018; Shai et al., 2017). Samstundes kjem PEM med uavhengige bidrag når det gjeld å predikere tilknytning (Shai & Meins, 2018). Shai et al. (2017) fann òg at høgare PEM, men ikkje PRF, var assosiert med mindre oppleving av foreldrestress. Det kan reflekterast rundt om dette kjem av at omsorgsgjevarar som opplever mindre foreldrestress klarer å vere meir tilstades i augneblinken, og dermed har betre kapasitet til å oppfatte barnet sine kinestetiske mønster. Slike foreldre har kanskje òg eir eit friare og meir fleksibelt kroppsspråk, som gjer det lettare å justere seg etter barnets kroppslege åtferd.

Oppsummering av funn. Når ein operasjonaliserer foreldrementalisering gjennom PEM, får ein innsikt i betydninga av implisitt-automatisk mentalisering basert på det multimodale kroppsbaserte mentaliseringssystemet (Uddin et al., 2007; Gallese et al., 2004). Det kan sjå ut til at denne forma for mentalisering både heng saman med andre mentaliseringsformer, men òg kjem med unike bidrag når det gjeld utfall hos barnet og den

subjektive foreldreopplevinga. Studien til Shai og Belsky (2017) peikar mot at høgare PEM hos foreldre fremjar barnets utvikling innan fleire område. Dette kan kome av at barnet sine kroppsuttrykk blir behandla som om dei er meningsfulle, noko som kan fremje barnets “embodied sense of self”. Å bli behandla på denne måten kan òg gje barnet gunstige forventingar om mellommenneskelege relasjonar, som at andre er interesserte i og tek omsyn til indre tilstandar hos barnet (Shai & Belsky, 2011). Dette kan fremje tillit til eigne indre signal og til omverda, som kan vere ei nyttig haldning å ha for å ha det godt med seg sjølv og andre.

PEM gjev moglegheit for betre innsikt i samspelet mellom barn og omsorgsgjevar, og ikkje berre enkeltpartane uavhengig av kvarandre. Dette har det vore argumentert for at ein bør fokusere meir på i forsking på sosial kognisjon (De Jaegher & Di Paolo, 2007). Det vil vere interessant med fleire studiar som samanliknar ulike mål på foreldrementalisering, kor fleire utviklingsområde hos barnet, eigenskapar ved foreldre og relasjonen mellom desse, blir studert.

Oppsummering av funn gjort med metodar kor ein måler omsorgsgjevar sine mentaliseringsuttrykk

I denne delen har det blitt fokusert på metodar som har nytta observasjon for å få tilgang på omsorgsgjevar sine mentaliseringsuttrykk i form av verbale kommentarar (MM-online) og kroppslig rørslemønster (PEM). Basert på studiar gjort med desse metodane, har det kome fram fleire relevante svar om korleis foreldrementalisering påverkar barnet.

Desse metodane gjev særleg innblikk i foreldra sine implisitt-automatiske mentaliseringsevner. Denne dimensjonen kan målast både gjennom spontane kommentarar og kroppsspråk i samspel med barnet. Særleg den kroppslige varianten kan ha tyding for preverbale spedbarn eller andre barn som av ulike grunnar ikkje kan lene seg på språkleg, verbal kommunikasjon.

Begge desse måla kan seiast å studere i kva grad omsorgsgjevar oppfører seg på ein måte som er i tråd med barnet sine indre tilstandar. MM-målet vektlegg korleis det omsorgsgjevar seier, passar med mentale tilstandar hos barnet, medan PEM fokuserer på korleis måten omsorgsgjevar rører seg passar med kroppslige signal frå barnet. Her får ein altså ikkje berre mål på mentalisering av seg sjølv versus andre, men på seg sjølv i relasjon til den andre.

Ulik mentaliseringsåtferd kan påverke barnet gjennom ulike mekanismar. Her verkar det som at verbale kommentarar kan påverke barnet sine kognitive mentaliseringsevner via

faktorar som språk og leik, medan eit kroppsleg mentaliseringsuttrykk heller påverkar barnets kroppsbaserte system gjennom danning av interpersonlege erfaringsminne i proseduralminnet. Desse mentaliseringsdimensjonane, og -mekanismane, ser ut til å ha tyding for både ToM hos barnet, og fleire psykososiale utfall.

Betydning av målemetodar

I denne oppgåva er det presentert ei overvekt av intervjumetodar og metodar som gjev mest informasjon om eksplisitt-kontrollert foreldrementalisering gjennom verbale uttrykk. Dette kan sjå ut til å vere representativt for forskingsfeltet. Som Shai og Belsky (2011) påpeikar, kan denne overvekta vere mangelfullt på fleire måtar: Det at foreldre klarer å reflektere rundt og fortelje om mentale tilstandar, betyr ikkje nødvendigvis at desse mentaliseringsevne kjem til uttrykk i samspel med barnet. Metodane gjev dermed ikkje så mykje informasjon om dei direkte mekanismane som gjer at foreldrementalisering påverkar barnet.

Det er óg uklart kor mykje informasjon desse metodane gjev om foreldra si mentaliseringsevne i emosjonelt ladde situasjonar i dagleglivet. Jamfør Fonagy og Luyten (2009) er det vanskelegare å mentalisere i situasjonar kor ein blir emosjonelt aktivert. Det kan argumenterast for at det er særleg betydningsfullt korleis ein evnar å mentalisere i slike situasjonar, for å unngå å oppføre seg på ein måte som er skremmande eller urimeleg mot barnet. Dette kunne det derfor vore nyttig å innhente informasjon om.

Ein kan òg stille spørsmål til kor viktig det semantiske innhaldet i eksplisitt, verbal mentalisering hos omsorgsgjevar er, for preverbale spedbarn (Shai & Belsky, 2011). Dette gjeld både dei metodane som måler eksplisitt-automatisk mentaliseringsevne gjennom intervju, og MM-online-metoden. Sjølv om passande og ikkje-passande indre tilstand-kommentarar, som ein måler i MM-online, har vist seg å kunne spele inn for seinare ToM i førskulealder, kan det tenkast at slike omsorgsgjevarars kommentarar er viktigare når barnet byrjar å forstå språk. Det kan òg tenkjast at indre tilstand-kommentarar følgjast av andre mentaliserande teikn, som andletsuttrykk, tonefall og kroppsspråk, og at det hovudsakleg er dette som påverkar spedbarnets oppleving av interpersonlege relasjonar og lagrast i proseduralminnet. Dette peikar mot betydningen av at ein òg har målemetodar som ikkje vektlegg det verbale mest når ein studerer foreldrementalisering.

Når det gjeld målemetodar for hovudsakleg implisitt-automatisk mentalisering (som MM-online og PEM) kan ein likevel lure på kor representativt det samspelet ein observerer er. Stort sett observerer ein samspel som varer i under 30 minutt, i tillegg til at omsorgsgjevar

er medviten om at nokon skal sjå på og vurdere samspelet. Det kan derfor tenkast at omsorgsgjevarar viser ein optimalisert form for samvær. Det kan dermed hende at desse metodane gjev informasjon om kva omsorgsgjevar er i stand til i ein optimal situasjon, framfor korleis omsorgsgjevar er mesteparten av tida.

Ein kan dermed sjå på intervju-metodane som ei kjelde til informasjon om generell mentaliseringsevne på tvers av situasjonar, medan observasjon gjev spesifikk informasjon om korleis mentaliseringsevner kjem til uttrykk i samspel med barnet. Ein kan òg sjå på omsorgsgjevar sine mentaliserande representasjonar som ein form for føresetnad for mentaliserande uttrykk.

Diskusjon: Korleis påverkar foreldrementalisering barnet si utvikling?

Basert på det som har kome fram til no i oppgåva, vil det her bli diskutert korleis foreldrementalisering påverkar barnet si utvikling. Det vil bli gjort ved å ta føre seg kvar av dei tre del-problemstillingane som blei presenterte innleiingsvis.

Kva dimensjonar ved foreldrementalisering har tyding?

Eksplisitt-kontrollert versus implisitt-automatisk mentalisering

Dei fleste studiane som er presenterte i denne oppgåva, har nytta målemetodar som hovudsakleg måler eksplisitt-kontrollert mentalisering. Basert på funn frå desse studiane, ser det ut til at eksplisitt-kontrollert mentalisering har tyding på fleire måtar. For det første, kan det sjå ut til at eksplisitt-kontrollert foreldrementalisering (som generell RF, PRF, PMEP og MM-offline) i mange tilfelle er relatert til visse typar foreldreåtferd. Det å klare å mentalisere på ein medviten måte, gjennom å reflektere rundt indre tilstandar hos seg sjølv og barnet, og å kunne fortelje om desse, ser ut til å henge saman med mindre negativ foreldreåtferd og meir sensitiv og responsiv foreldreåtferd. For det andre ser eksplisitt-kontrollert mentalisering ut til å henge saman med mental organisering av tidlegare og noverande tilknytingsrelasjonar.

Det er freistande å sjå desse tendensane i samanheng med kvarandre. Det kan tenkjast at det å svare på ein samanhengande, reflektert og balansert måte på intervju om foreldrementalisering, reflekterer at den som blir intervjuja faktisk *har* eit meir samanhengande, reflektert og balansert forhold til indre tilstandar hos seg sjølv og andre, og til tidlegare og noverande tilknytingsrelasjonar. Dette kan skildrast som høgare grad av mental organisering, slik studien til Berthelot et al. (2015) omtala det i samband med tydinga av RF om traume. Når ein omsorgsgjevar sitt indre landskap er meir organisert, integrert og

avklart, er det naturleg å tenke at vedkommande har betre kapasitet til å vere medviten, og ta omsyn til, barnets indre liv.

Dette kan kome til uttrykk gjennom responsivitet til barnets signal, inntoning og empati til barnets subjektive oppleving (Stacks et al., 2014) og gjennom positiv strukturering, entusiasme og responsivitet i møte med barnets emosjonar (Gottman et al., 1996). Ut frå dette resonnementet, vil derimot negativ foreldreåtfærd sjåast som eit resultat av at omsorgsgjevaren har eit mindre avklart og meir ambivalent forhold til indre tilstandar hos seg sjølv og andre. Det er dermed ikkje uventa at lågare grad av eksplisitt-kontrollert foreldrementalisering er forbunde med auka frekvens av fråkoplå og insensitiv åtfærd (Ensink, Normandin, et al., 2016), forstyrra affektiv kommunikasjon (Grienenberger et al., 2005), påtrenging (Stacks et al., 2014), meir negative uttrykk (Stacks et al., 2014) og kritikk (Gottman et al., 1996).

Det ser òg ut til at implisitt-automatisk mentalisering påverkar barnet. I denne oppgåva er dette hovudsakleg kome fram gjennom studiar som måler MM-online og PEM. Basert på desse studiane, verkar det som at foreldre med gode implisitt-automatiske mentaliseringsevner har høgare sannsyn for å oppføre seg mot barnet på ein måte som vitnar om at dei ser på barnet som ein mental, intensjonell agent. Dette kan kome til uttrykk ved at omsorgsgjevaren kommenterer barnets indre tilstand på ein måte som stemmer overeins med barnet sin faktiske indre tilstand, og unnlét å kome med kommentarar som ikkje passar. Det kan òg kome til uttrykk gjennom at omsorgsgjevaren i større grad tilpassar det kinestetiske rørslemønsteret sitt etter barnet si kinestetiske åtfærd. Truleg finst det òg fleire måtar dette kjem til uttrykk på, som ikkje er blitt tematiserte i denne oppgåva, slik som stemmebruk og andletsuttrykk.

Til slutt kan det kan sjå ut til at implisitt-automatisk og eksplisitt-kontrollert mentalisering til ei viss grad er relaterte til kvarandre, men at desse aspekta òg påverkar omsorgsrelasjonar på uavhengige måtar (Shai & Meins, 2018). Begge desse aspekta vil det derfor vere føremålstenleg å jobbe med i kliniske intervensjonar kor ein prøver å auke evne til foreldrementalisering.

Mentalisering som gjeld ein sjølv versus andre

Fleire av studiane som er nemnde i denne oppgåva, har nytta metodar som måler omsorgsgjevar si mentalisering av både seg sjølv og andre. Det ser ut til å vere blanda konsekvensar knytt til høgare grad av sjølvmentaliserng. På den eine sida kan denne evna verke fremjande for omsorgskvalitet, kanskje særleg for omsorgsgjevarar som har nytta

destruktive strategiar for å handtere eigne indre tilstandar (Suchman et al., 2010). På den andre sida finst det indikasjonar om at sjølvmentalising er relatert til meir depressive symptom hos omsorgsgjevar (Suchman et al., 2010) og meir eksternaliserande åtferd hos barnet (Smaling et al., 2016). Basert på desse funna, kan det verke som om sjølvmentalising har mest fremjande effekt dersom ein har ein tyngre emosjonell bagasje som det kan vere føremålstenleg å bli medviten og reflektere rundt. Overdriven sjølvmentalising kan derimot gjere at omsorgsgjevar får “nok med seg sjølv”, og får mindre kapasitet til å ivareta barnet på ein mentaliserande måte.

Når det gjeld mentalising av barnet, er funna òg sprikande. Dei fleste metodane skildra her, måler både mentalising av omsorgsgjevar sjølv og av barnet, og det kan vere vanskeleg å skilje kva utfall som er relatert til kva mentaliseringsaspekt. I studiane som ser ut til å måle mest mentalising av barnet, verkar denne evna å vere relatert til gunstig foreldreåtferd kor ein behandlar barnet som ein mental, intensjonell agent (mindre negativ og meir sensitiv foreldreåtferd; Stacks et al., 2014, passande indre tilstand-kommentarar; Meins et al., 2002). Likevel er det òg nokre studiar som ikkje har funne nokon spesifikk effekt av barnefokusert mentalising (Suchman et al., 2010; Smaling et al., 2016; Dore & Lillard, 2014).

Det verkar derfor fruktbart med meir forskning angående denne dimensjonen. I fleire kliniske intervensjonar kor ein jobbar med å auke foreldrementaliseringsevne, slik som t.d. Circle of Security (COS; Marvin et al., 2002), prøver ein å auke både reflekterande funksjon om omsorgsgjevar sjølv og om barnet. Når ein nyttar slike intervensjonar, kan det dermed vere nyttig å vere medviten at dette kan ha blanda konsekvensar. I tillegg vil slike intervensjonar nyte godt av meir forskning om dette temaet.

Det kan òg verke føremålstenleg å leggje inn relasjonsfokusert mentalising som eit aspekt ein måler, slik det mellom anna er gjort av Shai og Belsky (2017) og Smaling et al. (2016). På denne måten kan ein ta meir omsyn til konteksten mentaliseringa føregår i, og nettopp konteksten “foreldre-barn-relasjon” er jo særreigen for omgrepet foreldrementalising. I ei forlenging av dette, kunne det òg vore føremålstenleg å samanlikne og utforske samanhengen mellom kroppsbasert versus meir symbolsk mentalising, vidare, slik Shai og Belsky (2011) argumenterer for.

Mentalising basert på indre versus ytre trekk ved ein sjølv og andre

Foreldrementalising handlar om å kunne reflektere rundt den indre verda til barnet sitt, og å kunne kople barnet sine mentale tilstandar til barnet si åtferd på meningsfulle og

presise måtar (Slade, 2005). Med andre ord kan ein seie at omsorgsgjevar med gode foreldrementaliseringsevner skal kunne reflektere rundt barnet sine indre trekk og kople dei indre trekka til dei ytre. I studiane som er skildra her, blir det i somme høve nytta metodar kor ein fokuserer tydelegare på indre trekk (MM-offline, til dømes), medan andre meir tydeleg fokuserer på ytre trekk (slik som PEM).

Det verkar likevel ikkje som om dette er eit særleg relevant skilje med tanke på vidare påverknadsmekanismar og utfall hos barnet. Når ein mentaliserer basert på ytre trekk, er der jo ei underliggande antaking om at ytre trekk, som åtferd, er motivert av indre trekk, som tankar, kjensler, ønskjer og intensjonar. Det som går att i alle teoretiske rammeverk og studiar presenterte her, er betydninga av at omsorgsgjevaren er medviten barnet sine indre trekk, og at omsorgsgjevar ser på desse som meiningsfulle. Når omsorgsgjevar gjer det, verkar det naturleg at ytre trekk ved barnet òg blir tolka i lys av barnet sine indre tilstandar. Det verkar unaturleg at foreldre som har høg evne til å mentalisere basert på indre trekk, ikkje òg har det om ytre trekk, og vice versa.

I den kliniske intervensjonen COS, som er mykje brukt i Noreg for å snu ugunstige tilknytingsmønster i omsorgsrelasjonar, (Wesseltoft-Rao et al., 2017, s. 6), er eitt av måla å lære foreldra å sjå barnet sine signal om tilknytings- og utforskingståtferd som meiningsfulle, og å ta omsyn til desse. Dette er eit døme på korleis det kan vere føremålstenleg å knyte ytre trekk til indre tilstandar.

Kognitiv versus affektiv mentalisering

Det er òg vanskeleg å skilje kognitiv og affektiv mentalisering frå kvarandre i dei studiane som er skildra her. Det kan argumenterast for at studiane kor intervju er nytta for å måle omsorgsgjevar sine representasjonar, hovudsakleg måler kognitiv mentalisering. Ut frå denne påstanden, kan ein seie at kognitiv mentalisering har dei same implikasjonane som eksplisitt-kontrollert mentalisering skildra over (knytt til foreldreåtferd og mental organisering). Kognitiv mentalisering ser òg ut til å bli vektlagt i den implisitt-automatiske målemetoden MM-online. Studiar gjort med denne metoden, peikar dermed mot at omsorgsgjevarar som har gode kognitive mentaliseringsevner, i form av “riktige” teoriar om barnet sine indre tilstandar, og spontant verbaliserer desse, vil kunne fremje tilknytning og kognitive mentaliseringsevner hos barnet (Meins et al, 2001; Meins et al., 2002; Kirk et al., 2015; Laranjo et al., 2010)

Det er likevel truleg at affektive opplevingar kan supplere eller gje emosjonell ladning til den kognitive mentaliseringa. I tillegg er det nærliggande å anta at affektiv mentalisering

har særleg tyding i praksis. Dette kan til dømes føregå ved at omsorgsgjevar sine subkortikale hjerneområde involverte i emosjonelle opplevingar registrerer emosjonelle tilstandar hos barnet. Dette kan motivere omsorgsgjevar for vidare åtferd, utan å reflekterer medvite rundt dette. Sett slik kan affektiv mentalisering sjå ut til å vere særleg relatert til implisitt-automatisk mentalisering, og dermed ha om lag same implikasjonar som dette mentaliseringsaspektet, som skildra over.

Dimensjonar oppsummert

Det ser ut til at alle mentaliseringsdimensjonane har tyding for omsorgsrelasjonen, i meir eller mindre grad. Dette stemmer overeins med antakinga om at effektiv mentalisering handlar om fleksibelt byte mellom ulike mentaliseringsdimensjonar, men óg innad i dimensjonane (til dømes byte frå implisitt-automatisk til eksplisitt-kontrollert mentalisering, når det verkar naudsynt) (Fonagy & Bateman, 2019; Luyten et al., 2019).

Det kan sjå ut til at alle dei teoretiske rammeverka og måle metodane skildra i denne oppgåva, involverer alle mentaliseringsdimensjonane. Det er ikkje unaturleg, då det trass alt er same fenomen dei omhandlar. Perspektiva skil seg derimot frå kvarandre ut frå kva aspekt dei vektlegg mest. I denne oppgåva har det ikkje kome tydelege implikasjonar om at visse mentaliseringsaspekt kan trekkast fram som tydeleg viktigare enn andre. Det ser likevel ut til at forskingsfeltet har vektlagt eksplisitt-kontrollert mentalisering mest, slik at dette er eit aspekt ein førebels har meir kunnskap om.

Kva er mekanismane som gjer at foreldrementalisering påverkar barnet si utvikling?

Ut frå det som har kome fram i denne oppgåva, er det fleire mekanismar som gjer at foreldrementalisering påverkar barnet si utvikling. Det verkar som at foreldre med gode mentaliseringsevner har større tendens til å nytte gunstig foreldreåtferd, og at betre mental organisering hos foreldra kan verke inn for dette (sjå avsnittet over om eksplisitt-kontrollert mentalisering si tyding, for grundigare gjennomgang). I tillegg til denne åtferda, viser mentaliserande foreldre haldningane sine til barnet gjennom korleis dei snakkar til barnet: Dei kommenterer barnet sine indre tilstandar på ein måte som passar med barnet sine faktiske tilstandar. På denne måten blir barnet sine indre tilstandar representert i den ytre verda, vonleg på ein markert måte, slik at barnet på sikt lærer seg å forholde seg til tilstandane som representasjonar.

I tillegg verkar det som at foreldre med gode mentaliseringsevner påverkar barnet sitt proseduralminne. Dette verkar å skje i form av at barnet på eit sensorimotorisk nivå opplever

at signala det sender ut, gjev meining og blir teke omsyn til av andre (Shai & Belsky, 2011). Dette kan fremje barnet si oppleving av eit “embodied sense of self”, i tillegg til å gje barnet forventingar om korleis det vil bli møtt av andre i framtida. Det føreligg òg teikn på at foreldrementalisering påverkar barnet gjennom fysiologiske reguleringsmekanismar (vagusnerva) (Gottman et al., 1996).

Det ser òg ut til at foreldrementalisering påverkar barnet i form av at omsorgsgjevar rettleiar barnet i møte med kjensler og dermed bidreg til å fremje mental organisering hos barnet òg (Gottman et al., 1996). Dette har til dømes sett ut til å vere tilfellet i studiar som har inkludert barn med belastande erfaringar som deltakarar (Ensink et al., 2017; Hurrell et al., 2017), og kor barn viser meir adaptive strategiar i etterkant av slike belastningar (Katz et al., 2008; Cunningham et al., 2009).

Mekanismar oppsummert

I denne oppgåva har det kome fram indikasjonar om at foreldrementalisering påverkar barnet si utvikling gjennom mindre negativ og meir sensitiv foreldreåtferd, passande indre tilstand-kommentarar, sensorimotorisk påverknad av barnet sitt proseduralminne samt rettleiing av barnet i møte med vanskelege tankar og kjensler. Det blir antekt at dette fremjar barnet si oppleving av å vere ein intensjonell agent (både på mentalt og kroppsleg nivå), samt fremjar barnet si mentale organisering av indre tilstandar.

Kva utviklingsområde hos barnet blir påverka?

Gjennom mekanismane skildra over, kan det verke som at barnet blir påverka på fleire utviklingsområde. Først og fremst ser det ut til at foreldrementalisering spelar inn for kva tilknytingsstil barnet utviklar. Dette kan handle om mentaliserande foreldre møter barnet på ein føreseieleg og trygg måte, kor barnet sitt indre blir teke omsyn til. Dette kan få vidare implikasjonar for kva forventingar barnet får om mellommenneskelege relasjonar, som i Bowlby sine ord kallast “indre arbeidsmodellar “ (Bowlby, 1969).

Vidare ser det ut til at foreldrementalisering påverkar barnet sine eigne mentaliseringsevner. Desse kjem i form av Theory of Mind (t.d. Hughes et al., 2018) og emosjonsforståing (Jessee, 2020). Det ser òg ut til at barnet sine evner til emosjonsregulering blir påverka (Gottman et al., 1996). Basert på studiane i oppgåva, kan ein argumentere for at dette skjer ved at barnet sine fysiologiske reguleringsmekanismar blir betre (Gottman et al., 1996), og at dei lærer seg strategiar for å handtere vanskelege indre tilstandar (Katz et al., 2008; Cunningham et al., 2009).

I tillegg kan det sjå ut til at foreldrementalisering påverkar område som internaliserande og eksternaliserande vanskar, skuleprestasjonar og sosial fungering. I somme studiar finst det indikasjonar om at foreldrementalisering heng saman med mindre eksternaliserande og internaliserande vanskar hos barnet (Shai & Belsky, 2017; Ensink, Bégin, et al., 2016), Samstundes har andre funne det motsette: Som nemnd fann Smaling et al. (2016) at meir sjølvmentalising hos omsorgsgjevarar kan bidra til meir eksternaliserande åtferd hos deira 20 månader gamle barn. Likevel verkar dette å vere spesifikt for sjølvmentalising, sidan same studie fann at relasjonsfokusert foreldrementalisering gav mindre eksternaliserande vanskar hos barnet. Som nemnd tidlegare i oppgåva, kan verknaden av høg sjølvmentalising handle om at slike omsorgsgjevarar blir for opptekne av sitt eige indre liv og ikkje har tilstrekkeleg kapasitet til å møte barnet sitt indre liv.

I denne oppgåva er det òg blitt presentert indikasjonar om at betre evne til foreldrementalisering heng saman med meir internaliserande vanskar og lågare sjølvbilete hos ungdom (14-18 år; Benbassat & Priel, 2012). Dette kan peike mot at foreldrementalisering kan påverke barn ulikt i ulike aldrar. Høgare medvit rundt, og tematisering av, indre tilstandar kan gjere at ungdommar blir meir sårbare for grubling og sjølvmedvit, i ein utviklingsfase som i utgangspunktet er prega av auka sjølvmedvit og meir avansert tenking. På den andre sida kan foreldrementalisering føre til mindre internaliserande vanskar hos yngre barn (Shai & Belsky, 2017). Kanskje kjem dette av at foreldrementalisering hovudsakleg påverkar barnet gjennom betring av barnets sjølvreguleringsevner i denne fasen. Det finst støtte for dette hos Ensink et al. (2016b). I tillegg kan det ha tyding korleis foreldrementalisering er målt. Basert på studiane presenterte her, kan det sjå ut til at meir eksplisitt-kontrollert, kognitiv mentalising hos foreldra bidreg til meir internaliserande vanskar (Benbassat & Priel, 2012), medan automatisk-implisitt mentalising verkar motsett (Shai & Belsky, 2017). Her trengst meir forskning for å studere ulike aspekt ved foreldrementalisering sin påverknad på barn i ulike aldrar.

Denne oppgåva har òg presentert samanhengar mellom foreldrementalisering og betre sosial fungering hos barnet hos førskulebarn (Shai & Belsky, 2017) og skulebarn (Gottman et al., 1996; Katz & Windecker-Nelson, 2004). Samstundes fann Gottman et al. (1996) indikasjonar om at høgare emosjonsmedvit hos foreldra når barnet var 5 år gammalt kunne relaterast til lågare skåre på relasjon til jamaldringar når barnet var 8. Som nemnd tidlegare, kan dette handle om at høgare medvit rundt indre tilstandar kan føre til at ein uttrykkjer dei meir, noko som ikkje er like sosialt gunstig i alle situasjonar og aldrar.

Utviklingsområde oppsummert

